

Genusvariasjon i norsk skriftspråk

Ei undersøking av genusbruken ved substantiv i bokmål og nynorsk

Rapport skriven på oppdrag ifrå Språkrådet

Philipp Konzett

UiT Noregs arktiske universitet

2020

Genus	Venstrekontekst	Hovudord	Hoegrekontekst
m	om stadnamna med feminin	genus	må det haldast fram at det
m	ventuell overgang til feminin	genus	først og fremst av akademisk interess
m	simpleksnamna med nøytral	genus	også kan vera stivna dativformer (
m	ngular av namn med feminin	genus	ser ut til å vera disponerte
m	av eit stadnamn med nøytral	genus	i ein preposisjonsfrase med dativstyra
m	ordnamn gjerne får maskulin	genus	(i analogi med appellativet fjord
m	og øynamn ofte får feminin	genus	(i analogi med appellativ som
n	æ bøyingsformer , ei for kvart	genus	. Det er fleire ordklassar som
n	tre former , ei for kvart	genus	, har EG berre ei form
n	er , har namneleddet nøytralt	genus	. Dette er det likevel uråd
n	Art) , han er eit	genus	(Slag) . Millom Eigenskaparne
n	ra ein overgang til maskulint	genus	. Det innlånte betalan f .
n	er stadnamna med maskulint	genus	blir feminina drøfta primært ut frå
n	allet for namn med maskulint	genus	. Dette gjeld både dei sterke
n	opp for kvart av dei tre	genusa	. Materialet er delt inn i
n	og ' tilbakeslagsventil ' under	genuset	' ventil ' , og tilsvarande

UiT Noregs arktiske universitet – 2020

Tlf.: +47 77 64 40 00

E-post: postmottak@uit.no

Web: <https://uit.no/>

Septentrio Academic Publishing

<https://septentrio.uit.no/>

Septentrio Reports 4, 2020

ISSN: 2387-4597

DOI: <https://doi.org/10.7557/7.5412>

© 2020 The author(s).

This is an Open Access publication distributed under the terms of the [Creative Commons Attribution 4.0 International](https://creativecommons.org/licenses/by/4.0/) License, which permits unrestricted use, distribution, and reproduction in any medium, provided the original work is properly credited.



Innholdsliste

1	Bakgrunn	11
1.1	Oppdrag	11
1.2	Omgrepsavklåring	12
2	Materiale og metode.....	14
2.1	Utgangspunkt og avgrensing	14
2.2	Utgangsmateriale	15
2.3	Kjelder	18
2.4	Innsamling	18
2.5	Handsaming	20
2.6	Materiale	22
3	Hovudfunn.....	23
3.1	Gruppe 1: Substantiv utan eller med få genusbelegg	23
3.1.1	Bokmål	23
3.1.2	Nynorsk	24
3.2	Gruppe 2: Substantiv med dominerande genus	25
3.2.1	Bokmål	25
3.2.1.1	Normert genus: f./m.	25
3.2.1.2	Normert genus: f./m./n.	25
3.2.1.3	Normert genus: m.	26
3.2.1.4	Normert genus: m./n.	26
3.2.1.5	Normert genus: n.....	26
3.2.1.6	Omsving i genusfordeling.....	27
3.2.2	Nynorsk	27
3.2.2.1	Normert genus: f.	27
3.2.2.2	Normert genus: f./m.	27
3.2.2.3	Normert genus: m.	27
3.2.2.4	Normert genus: m./n.	28

3.2.2.5	Omsving i genusfordeling.....	28
3.3	Gruppe 3: Substantiv med jamnare genusfordeling	29
3.3.1	Omsving i genusfordeling	30
3.3.1.1	Ville observasjonar	30
3.3.1.2	Frå genusdominans til meir jamn genusfordeling.....	31
3.3.1.3	Skifte i genusdominans	31
3.3.1.4	Frå jamn genusfordeling til genusdominans	32
3.4	Særskilde ordtypar	32
3.4.1	Substantiv på <i>-(n)ing</i>	32
3.4.1.1	Bokmål.....	33
3.4.1.2	Nynorsk.....	33
3.4.2	Substantiv på <i>-skap</i>	34
3.4.2.1	Bokmål.....	35
3.4.2.2	Nynorsk.....	35
3.4.3	Kortavleidde verbalabstrakt	36
3.4.3.1	Bokmål.....	37
3.4.3.2	Nynorsk.....	38
3.4.4	Nemningar for norske treslag.....	40
4	Tilrådingar.....	42
4.1	Generelle råd.....	42
4.2	Innstramming av genusnormeringa	43
4.2.1	Fjerning av femininum ifrå norma	43
4.2.2	Fjerning av femininum og maskulinum ifrå norma	43
4.2.3	Fjerning av femininum og nøytrum ifrå norma.....	44
4.2.4	Fjerning av maskulinum ifrå norma	44
4.2.5	Fjerning av nøytrum ifrå norma	45
4.3	Utviding av genusnormeringa	45

4.3.1	Tillegg av femininum i norma.....	45
4.3.2	Tillegg av maskulinum i norma	46
4.3.3	Tillegg av nøytrum i norma.....	46
4.4	Endringar i genusnormering etter fyrste versjonen av denne rapporten.....	46
4.5	Vidare arbeid	47
	Referanseliste	48
	Vedlegg 1 : Utgangsmaterialet for bokmål	50
	Normert genus: f./m.	50
	Normert genus: f./m./n.	50
	Normert genus: m.....	50
	Normert genus: m./n.....	50
	Normert genus: n.....	51
	Vedlegg 2 : Utgangsmaterialet for nynorsk	52
	Normert genus: f.....	52
	Normert genus: f./m.	52
	Normert genus: f./m./n.	52
	Normert genus: f./n.	53
	Normert genus: m.....	53
	Normert genus: m./n.....	53
	Normert genus: n.....	54
	Vedlegg 3 : Oppsett på korpusøk.....	55
	Søk på ordformer i bokmål.....	55
	Søk på ordformer i nynorsk.....	55
	Avgrensingar	63
	Vedlegg 4 : Genusfordeling i bokmålsmaterialet.....	65
	Vedlegg 5 : Genusfordeling i nynorskmaterialet	80
	Vedlegg 6 : Substantiv utan eintydige genusbelegg i bokmålsmaterialet.....	99
	Normert genus: f./m.	99

Normert genus: f./m./n.	99
Normert genus: f./n.	99
Normert genus: m.....	99
Normert genus: m./n.....	99
Normert genus: n.	99
Vedlegg 7 : Substantiv med færre enn 10 genusbelegg i bokmålsmaterialet.....	100
Vedlegg 8 : Substantiv utan eintydige genusbelegg i nynorskmaterialet.....	104
Normert genus: f.....	104
Normert genus: f./m.	104
Normert genus: f./m./n.	104
Normert genus: f./n.	104
Normert genus: m.....	104
Normert genus: m./n.....	104
Normert genus: n.	105
Vedlegg 9 : Substantiv med færre enn 10 genusbelegg i nynorskmaterialet	106
Vedlegg 10 : F./m.-normerte substantiv med dominerande maskulinum i bokmålsmaterialet	
111	
Vedlegg 11 : F./m./n.-normerte substantiv med dominerande maskulinum og nøytrum i bokmålsmaterialet	113
Vedlegg 12 : M.-normerte substantiv med dominerande maskulinum i bokmålsmaterialet .	114
Vedlegg 13 : M./n.-normerte substantiv med dominerande maskulinum i bokmålsmaterialet	
115	
Vedlegg 14 : M./n.-normerte substantiv med dominerande nøytrum i bokmålsmaterialet....	117
Vedlegg 15 : N.-normerte substantiv med dominerande nøytrum i bokmålsmaterialet	119
Vedlegg 16 : F.-normerte substantiv med dominerande femininum i nynorskmaterialet.....	120
Vedlegg 17 : F./m.-normerte substantiv med dominerande femininum i nynorskmaterialet	121
Vedlegg 18 : F./m.-normerte substantiv med dominerande maskulinum i nynorskmaterialet	
122	

Vedlegg 19 : M.-normerte substantiv med dominerande maskulinum i nynorskmaterialet ..	123
Vedlegg 20 : M./n.-normerte substantiv med dominerande maskulinum i nynorskmaterialet	124
Vedlegg 21 : M./n.-normerte substantiv med dominerande nøytrum i nynorskmaterialet	126
Vedlegg 22 : Genusprofilar for ord i gruppe 2 med omsving i genusfordelinga i nynorskmaterialet	127
a) sott (i heile tidsperioden)	127
b) sott (1990-2010)	128
Vedlegg 23 : Genusfordeling ved substantiv av gruppe 3 i bokmålsmaterialet.....	129
Vedlegg 24 : Genusfordeling ved substantiv av gruppe 3 i nynorskmaterialet	133
Vedlegg 25 : Genusprofilar for ord i gruppe 3 med omsving i genusfordelinga i nynorskmaterialet	140
a) bordell.....	140
b) fjøs	140
c) formular	141
d) grus	141
e) kneik	142
f) kvelv	142
g) lyng	143
h) låt (I)	143
i) magma	144
j) marmor.....	144
k) narr.....	145
l) nebb	145
m) null	146
n) pank	146
o) sokn (II)	147
p) stand (III)	147

q) vis.....	148
Vedlegg 26 : Genusfordeling ved ord på <i>-skap</i> i bokmålsmaterialet	149
Vedlegg 27 : Genusfordeling ved ord på <i>-skap</i> i nynorskmaterialet.....	150
Vedlegg 28 : Genusprofilar for ord på <i>-skap</i> med omsving i genusfordeling i nynorskmaterialet	152
a) adelskap (I)	152
b) brorskap	152
c) farskap	153
d) venskap	153
Vedlegg 29 : Genusfordeling ved ord på <i>-(n)ing</i> i bokmålsmaterialet.....	154
Vedlegg 30 : Genusfordeling ved ord på <i>-(n)ing</i> i nynorskmaterialet	155
Vedlegg 31 : Genusprofilar for ord på <i>-(n)ing</i> med omsving i genusfordeling i nynorskmaterialet	156
a) bedding	156
b) legning	156
c) leivning.....	157
Vedlegg 32 : Genusfordeling ved kortavleide verbalabstrakt i bokmålsmaterialet	158
Vedlegg 33 : Genusfordeling ved kortavleide verbalabstrakt i nynorskmaterialet.....	162
Vedlegg 34 : Genusprofilar for kortavleide verbalabstrakt med omsving i genusfordeling i nynorskmaterialet	166
a) eige.....	166
b) flir	166
c) glis (II).....	167
d) gløtt.....	167
e) gny	168
f) gufs	168
g) hån	169
h) knyst.....	169

i)	krasj	170
j)	krømt.....	170
k)	kyss	171
l)	køyr.....	171
m)	last (II)	172
n)	nikk	172
o)	prøve	173
p)	puff (III).....	173
q)	pust (II)	174
r)	rykk.....	174
s)	skil (I)	175
t)	skjelv (II)	175
u)	smell (II)	176
v)	smil	176
w)	sukk (I).....	177
x)	sus	177
y)	treff	178
z)	ul (II).....	178
æ)	ymt.....	179
Vedlegg 35 : Genusfordeling ved kortavleidde verbalabstrakt med utprega genusomsving i nynorskmaterialaet.....		180
Vedlegg 36 : Genusfordeling ved nemningar for norske treslag		181
Vedlegg 37 : Genusfordeling ved substantiv med normert einegenus der eit anna genus utgjer minst 25 % av genusbelegga i bokmålsmaterialaet		182
Vedlegg 38 : Genusfordeling ved substantiv med normert einegenus der eit anna genus utgjer minst 25 % av genusbelegga i nynorskmaterialaet		183
Vedlegg 39 : Endringar i genusnormering etter fyrste versjonen av denne rapporten.....		184

Forord

Denne rapporten er skriven på oppdrag ifrå Språkrådet. Rapporten er ein utvida og revidert versjon av rapporten med same tittelen ifrå 2017 (Conzett 2017). Bakgrunnen for oppdraget og omgrepsavklåringar er tema for kapittel 1. I andre kapittelet gjer eg greie for materialet og for korleis eg har samla det inn og handsama det. Hovudfunna ifrå undersøkinga er presenterte i kapittel 3. Til slutt kjem eg med nokre tilrådingar i kapittel 4.

Eg vil gjerne takka Sturla Berg-Olsen, Oddrun Grønvik, Anders Nøklestad og Christian-Emil Ore for hjelp med arbeidet med denne rapporten.

Utgangsmaterialet som ligg til grunn for denne rapporten, er som sagt utvida jamført med rapporten ifrå 2017. I tillegg er det òg bøtt på to manglar i den førre rapporten.

For det fyrste hadde eg gløymt å søkja på ordformer i eldre nynorsk som inneheld bokstavane <Aa> og <aa> i ord som i dag vert skrivne med <Å> eller <å>. I det reviderte materialet er det 40 fleire eintydige genusbelegg på substantivet *lås*.

For det andre hadde eg gløymt å søkja på bestemd form eintal på *-e* av sterke inkjekjønnsord i eldre nynorsk. I det reviderte materialet er det i alt 259 fleire eintydige genusbelegg på desse 29 substantiva: *borgarskap*, *bygg* (I), *dunder* (II), *fellesskap*, *fiendskap*, *fjøs*, *fyr* (III), *grus*, *holt* (I), *kvelv*, *kyss*, *lyng*, *lås*, *medlemskap*, *meisterskap*, *milt*, *narr*, *nebb*, *nipp* (I), *pjank*, *skil* (I), *skjelv* (II), *smil*, *strek*, *sus*, *tang*, *trollskap*, *vagl*, *yl*.

1 Bakgrunn

I dette kapitlet skal eg kort greia ut om bakgrunnen for denne rapporten og avklåra nokre teoretiske omgrep som er nytta i rapporten.

1.1 Oppdrag

Denne rapporten er laga på bakgrunn av to oppdrag eg har fått ifrå Språkrådet. Begge oppdraga er del av

eit større prosjekt for å kartleggje genusvariasjon i bokmål og nynorsk, i første omgang variasjon innanfor dagens normer. Målet med prosjektet er å skaffe til vegar oppdatert kunnskap på feltet, som skal gje betre grunnlag for normeringsarbeidet i Språkrådet.

(Frå utlysingsteksten, publisert 12.2.2016 på heimesida til Språkrådet)

Meir konkret gjekk det fyrste oppdraget ifrå 2016 ut på å

kartleggje valfridommen i dei gjeldande normene for bokmål og nynorsk gjennom Norsk ordbank og ut frå dette grunnlaget undersøkje korleis valfridommen er utnytta i skriftlege kjelder. Det kan bli nødvendig å gjere eit utval av ord, til dømes substantiv som er både hankjønn og inkjekjønn. Valfridommen skal kartleggjast ved systematisk undersøking av førekomstane i aktuelle korpus, som Leksikografisk bokmålskorpus, Norsk aviskorpus og Norsk Ordboks nynorskkorpus. (Same staden)

Med genusvariasjon i norsk skriftspråk siktar ein her til tilfelle der eitt og same substantiv er normert med fleire enn eitt genus i ordbøkene. Eg skal kalla slike substantiv for fleirgenusord. Her er det viktig å presisera at normeringa som dannar grunnlaget for denne undersøkinga, er den som var gjeldande på dei tidspunkta eg tok til med dei ulike delane av undersøkinga. Etter at den fyrste rapporten blei publisert i 2017, har genusnormeringa av fleire substantiv som inngår i denne undersøkinga, vorte revidert. Til dømes vart genusnormeringa av ordet *miks* i 2017 endra ifrå valfritt han- eller inkjekjønn til berre hankjønn. Desse endringane er gjorde greie for i kapittel 4.4. Med mindre noko anna er nemnt, så viser uttrykk som «dagens norm», «normert genus» eller liknande i denne rapporten til den norma som galdt då den aktuelle delen av undersøkinga tok til.

Det finst fire typar fleirgenus i norsk skriftspråk. Det er substantiv av typen *greip*, det vil seia substantiv som er normerte som femininum, maskulinum og nøytrum. Så har vi typen

klasse, som er normert som femininum og maskulinum. Den tredje typen er *syn*, som er normert som femininum og nøytrum. Denne typen finst berre i nynorsk ettersom alle hokjønnsord i bokmål også kan brukast som hankjønnsord. Den fjerde typen fleirgenusord er *smil*, som er normert som maskulinum og nøytrum. Undersøkinga av valfridomen i slike fleirgenusord går då ut på å finna ut om språkbrukarar vel det eine framfor det andre genuset i skriftlege tekstar. I kva grad skriv dei til dømes *ein smil* eller *eit smil*? Eg skal koma tilbake til dei fire fleirgenusordtypane i neste kapittelet, der eg òg skal avgrensa materialet.

I eit oppfølgingsoppdrag ifrå 2018 vart omfanget utvida til å inkludera også substantiv som berre er normerte med eitt genus, men der det er observert genusvariasjon i skrift. Eit døme er ordet *fart*, som både i bokmål og nynorsk er normert som maskulinum, men som er nytta også som hokjønnsord.

Utkast til disposisjonen i rapporten er diskuterte undervegs med Språkrådets fagråd for normering og språkobservasjon. Dei fyrste hovudfunna ifrå prosjektet vart presenterte på Språkdagen 2016 (Conzett 2016b).

Det er òg oppretta ein nettbasert, dynamisk bibliografi over litteratur knytt til emnet («Bibliografi over litteratur om genusvariasjon i norsk skriftspråk» u.å.).

1.2 Omgrepsavklåring

Dei to omgrepa som skal avklårast her, er genus (eller grammatisk kjønn) og bøyingsklasse. Med genus meiner eg her «[...] klasser av substantiver som viser seg i hvordan tilhørende ord ter seg [...]» (Enger og Kristoffersen 2000, 68). Vi kan illustrera det med utgangspunkt i substantivsystemet i nynorsk. Her varierer til dømes forma på den ubestemde artikkelen *ein* etter kva slags substantiv han står til. Det heiter til dømes *ein stol*, *ei lampe* og *eitt bord*. Med andre ord kan vi dela nynorske substantiv inn i tre klassar, eller tre genus, og dei kallast for hankjønn eller maskulinum, som vi skal forkorta med m., hokjønn eller femininum, som vi skal forkorta med f., og inkjekjønn eller nøytrum, som vi skal forkorta med n. Forma på ord som står til substantiv, rettar seg altså etter genuset til substantivet. Vi kallar dette fenomenet for genuskongruens.

Det andre omgrepet som skal avklårast her, er bøyingsklasse. Enger og Kristoffersen (same staden) presiserer at det etter deira definisjon er skilnad mellom genus og bøyingsklasse. Bøyingsklasse definerer dei som klassar av ord som blir bøyge på likt vis. I eldre litteratur vert genus og bøyingsklasse til dels blanda i hop. Men det er viktig å halda dei to omgrepa ifrå kvarandre. Det ser vi i dette dømet: På nynorsk heiter det *ein streng*, *ei fil* og *eit festskrift*, og dei tre substantiva representerer kvart sitt genus: maskulinum, femininum og nøytrum. Vi har

her altså tre genusklassar. Men desse tre orda har same bøyingsendinga i ubestemd form fleirtal, nemleg *-er*. Det heiter altså *strenger*, *filer* og *festskrifter*. Med andre ord har vi her berre éin bøyingsklasse.

2 Materiale og metode

I dette kapitlet skal eg beskriva materialet som eg har nytta i undersøkinga, og eg skal gjera greie for korleis eg har handsama det og lagt det til rette for analyse.

2.1 Utgangspunkt og avgrensing

Som spesifisert i oppdragsbeskrivinga var fyrste steget i undersøkinga å kartleggja valfridomen i norsk skriftspråk med utgangspunkt i oppføringane i Norsk ordbank («Norsk ordbank - Institutt for lingvistiske og nordiske studium» u.å.). Norsk ordbank er ein ope tilgjengeleg database som mellom anna inneheld alle oppslagsord i Bokmålsordboka og Nynorskordboka, og alle bøyingsformene som er knytte til desse oppslagsorda. Databasen inneheld både rotord, til dømes *smil*, avleiingar, til dømes *borgarskap*, og samansetningar, til dømes *vemodssmil*. Men då eg byrja på denne undersøkinga i 2016, var det ikkje lagt inn informasjon om ordstrukturen, det vil seia at ein ikkje på ein enkel måte kunne trekkja ut berre rotord eller avleiingar, men ikkje samansetningar. Det var heller ikkje lagt inn krysstilvisingar til jamstilte oppslagsformer, til dømes mellom *venskap* og *vennskap*, eller mellom alternative skrivemåtar, til dømes *trofe* og *trofé*. Slike oppslagsord er i denne rapporten talde kvart for seg, men dei er omtalte saman der det er naturleg.

For fleirgenusord i nynorskdelen av Norsk ordbank har eg analysert ordstrukturen. Der er det i alt 763 usamansette fleirgenusord. Den største gruppa utgjer typen *smil* (m./n.) med 442 ord. Nest størst er typen *klasse* (f./m.) med 252 ord. Av typen *syn* (f./n.) er det 63 ord, og typen *greip* (f./m./n.) er representert med 6 ord.

Som nemnt kan i bokmål alle hokjønnsord òg nyttast som hankjønnsord, til dømes *ei dør* eller *en dør*. Difor utgjer denne typen fleirgenusord ei svært stor gruppe i bokmål, og eg har ikkje gjort nokon tilsvarande ordstrukturanalyse som eg gjorde for nynorskdelen for å skilja ut dei usamansette f./m.-orda i Norsk ordbank. Men om vi avgrensar oss til dei andre to typane av fleirgenusord, så ser fordelinga slik ut: Typen *smil* (m./n.) står for 420 ord, medan typen *greip* (f./m./n.) består av 27 ord. Eksempelorda eg har valt for bokmål og nynorsk, viser allereie at det er ein del overlapping mellom fleirgenusorda i dei to målformene.

Innanfor den gjevne tidsramma for prosjektet har eg vore nøydd til å avgrensa materialgrunnlaget for undersøkinga. I den fyrste projektrunden valde eg å konsentrera meg om fleirgenusord av typen *smil* (m./n.). Som tala ovanfor viser, har denne typen om lag same storleiken i begge målformene, og talet på rotord i nynorskdelen av Norsk ordbank indikerte at ein grundig analyse av denne fleirgenustypen i begge målformene skulle vera overkomeleg.

I den andre prosjektrunden vart materialgrunnlaget utvida med fleire substantivgrupper. For det fyrste er det ord som er normerte med alle tre genusa, til dømes *greip*.

For det andre er det ord som er normerte som maskulinum og femininum, til dømes *klasse*. For nynorsk er alle desse orda tekne med i undersøkinga. Som nemnt ovanfor er denne gruppa svært stor i bokmål. Av aktuelle bokmålssubstantiv i denne gruppa har eg difor avgrensa meg til dei som har eit tilsvar (ein såkalla kognat) i nynorsk. I tillegg til heilt identiske ord som *klasse* finn vi også ord som *ledning* (nynorsk: *leidning*), *løsning* (nynorsk: *løysing*), *kjørsel* (nynorsk: *køyrsel*), og så bortetter. Dei aller fleste bokmålsorda i denne gruppa har same genusnormeringa (f./m.) som dei tilsvarande orda i nynorsk (til dømes *klasse*, *ledning*, *løsning*, *kjørsel*), men ei handfull ord er normerte som maskulinum i bokmål. Det er orda *sleve* (II), *sikt* (II), *svikt*, *kontekst* (romartala i parentes viser til homografnummer i ordboka, her i Bokmålsordboka). For desse fire orda vert undersøkinga altså ei kartlegging av genusvariasjon utanfor dagens normer; sjå den fjerde gruppa nedanfor.

Den tredje gruppa av ord i det utvida materialet er ord som er normerte som femininum og nøytrum i nynorsk, og tilsvarande ord (kognatar) i bokmål. Ettersom hokjønnsord i bokmål òg er normerte som hankjønnsord, så høyrer brorparten av slike bokmålsord heime i gruppa av f./m./n.-ord (sjå ovanfor). Som døme kan vi her nemna *gardin* (nynorsk: f./m.; bokmål: f./m./n.) og *søppel* (nynorsk: f./m.; bokmål: f./m./n.). Men så er det òg enkelte bokmålsord i denne gruppa som er normerte med ein genus, til dømes *misnøye* (nynorsk: f./n.; bokmål: m) og *syn* (nynorsk: f./n.; bokmål: n.).

Den fjerde gruppa som er undersøkt, består av ord der Språkrådet og/eller eg sjølv har observert genusvariasjon, men der denne variasjonen ikkje er dekt av dei offisielle normene. Døme på slike ord er *fart* (observert variasjon: f./m.; norm: m.), *kaserne* (observert variasjon: f./m.; norm: m.) og *kondom* (observert variasjon: m./n.; norm: n.). I denne gruppa har eg òg inkludert ord med genusvariasjon som eg oppdaga undervegs i arbeidet, til dømes *trane* (observert variasjon: f./m., norm: f.).

Til slutt har eg òg teke med ei gruppe av substantiv som er nemningar på treslag, og som er undersøkte i ein tidlegare studie av genusvariasjon i norsk (Vollan 2006). I denne gruppa er det både substantiv som er normerte med ein genus, til dømes *alm* (m.) og *ask* (m.), og slike som er normerte med valfritt genus, til dømes *or* (f./m.) og *rogn* (f./m.).

2.2 Utgangsmateriale

Basert på utvalskriteria og avgrensingane som er beskrivne ovanfor, kan vi dela utgangsmaterialet inn i desse gruppene:

Genusvariasjon innanfor dagens norm:

- Normert genus: f./m.; døme: *klasse*
- Normert genus: f./m./n.; døme: *greip*
- Normert genus: f./n. (berre i nynorsk); døme: *syn*
- Normert genus: m./n.; døme: *smil*

Genusvariasjon utanfor dagens norm:

- Normert genus: f.; observert variasjon:
 - f./m.; døme: *trane*
 - f./n.; døme: *stø* (I)
- Normert genus: m.; observert variasjon:
 - f./m.; døme: *fart*
 - m./n.; døme: *case*
- Normert genus: n.; observert variasjon:
 - f./n.; døme: *gorr* (bokmål), *gørr* (bokmål og nynorsk)
 - m./n.; døme: *kondom*

Ein del av substantiva som dannar utgangspunktet for denne undersøkinga, er samansette substantiv. Samansetjing i norsk er ein svært produktiv ordlagingsprosess, og vi kan difor ikkje gå ut ifrå at dei registrerte samansetningane i Norsk ordbank dekkjer alle belagde samansetningar i norsk skriftspråk. Når ein skal undersøkje bruken av samansette ord, må ein søkja på alle moglege førekomstar der eit gjeve ord er nytta som etterlekk. Eg har difor berre valt usamansette substantiv som utgangsmateriale. Nokre få av desse orda har rett nok ein samansett ordstruktur, men dei er her likevel rekna som usamansette substantiv ettersom det elementet som kan seiast å vera etterlekk, ikkje er ført opp i ordboka, eller i alle fall ikkje med same genuset. Ordet *oppkomme* i bokmål får her illustrera denne marginale typen. Ordet er ført opp som f./m./n. i Bokmålsordboka, men det finst ikkje noko oppslagsord *komme* med same genusnormeringa i ordboka. I kapittel 2.5 skal eg forklåra korleis eg har søkt også på moglege samansetningar av orda i utgangsmaterialet.

Det er ein del ord som er oppførte i Norsk ordbank, og som oppfyller utvals- og avgrensingskriteria ovanfor, men som likevel er ekskluderte ifrå utgangsmaterialet. Det er for det fyrste ordformer som tidlegare har vore klammeformer, men som i dag ikkje er tillatne lenger, til dømes *solglytt*. Og for det andre er det namn på språk, til dømes *norsk*. Her er dei to normerte genusa knytte til kvar sin syntaktiske bruk, som illustrert i Nynorskordboka (Hovdenak, Marit mfl. 2006): *norsken hans* (m.) versus *på godt norsk* (n.). I Nynorskordboka er hovudoppslaget

på slike ord oppført som maskulinum, medan ein i Bokmålsordboka (Landrø, Marit Ingebjørg og Wangensteen, Boye 2005) har valt å oppføra dei som fleirgenusord. Etter det eg kan sjå, gjeld genusfordelinga etter syntaktisk bruk som ovanfor er illustrert for nynorsk, også for bokmål. Det vil såleis ikkje vera aktuelt å fjerna det eine genuset ifrå norma, og eg har difor ekskludert namn på språk ifrå utgangsmaterialet for bokmål. Derimot har eg lagt til nokre få ikkje-godkjende skrivevariantar og/eller eldre skriveformer, til dømes *minut* (normert: *minutt*) av di dei viste seg å vera ganske vanlege i dei undersøkte tekstane. Slike supplerte former er ikkje oppførte som eigne oppslagsord, men rekna inn under dei respektive oppslagsorda som gjeld etter dagens norm.

Utgangsmaterialet for bokmål består av 642 usamansette ord. Gruppert etter normert genus er den kvantitative fordelinga slik:

Tabell 1: Kvantitativ genusfordeling i utgangsmaterialet for bokmål

Normert genus	Tal på ord	Døme
f./m.	144	klasse, talg, ledning
f./m./n.	27	greip, spenne, søppel
m.	32	låt, misnøye, hegg
m./n.	420	kjede, krasj, tulleskap
n.	19	kjevle, stadion, tapet

I vedlegg 1 er alle desse orda lista opp grupperte etter normert genus og deretter sorterte i alfabetisk rekkjefølgje. Om vi plukkar ut eitt av dei, ordet *gjesp*, så ser vi at det er normert som *en gjesp*, *gjespen*, *flere gjesper*, *alle gjespene* eller *et gjesp*, *gjespet*, *flere gjesp*, *alle gjespa* eller *gjespene*.

Utgangsmaterialet for nynorsk består av 808 usamansette ord. Gruppert etter normert genus er den kvantitative fordelinga slik:

Tabell 2: Kvantitativ genusfordeling i utgangsmaterialet for nynorsk

Normert genus	Tal på ord	Døme
f.	17	eik, trane, sott
f./m.	252	dialekt, klasse, kokning
f./m./n.	6	flaute, greip, vis
f./n.	63	eige, krus, syn
m.	21	ask, kaserne, monter
m./n.	442	granneskap, miks, vagle
n.	7	kjevle, kondom, stadion

Vedlegg 2 gjev eit fullstendig oversyn over desse orda grupperte etter normert genus og deretter sorterte i alfabetisk rekkjefølgje. Her finn vi til dømes ordet *minutt*, som skal skrivast som *ein*

minutt, minuttene, fleire minuttar, alle minuttane, eller som eit minutt, minuttet, fleire minutt, alle minutta.

Både i bokmål og i nynorsk finst det nokre tilfelle der eit ord i utgangsmaterialet vert skrivne på same måten som eitt eller fleire andre normerte substantiv. Slike homograr er åtskilde med hjelp av romartal i parentes. Eit døme ifrå nynorsk er *bane* (I) ‘jamna veg’ versus *bane* (II) ‘daude’. Det er her nytta dei same romartala som i nettutgåva av høvesvis Bokmålsordboka (Landrø, Marit Ingebjørg og Wangensteen, Boye 2005) og Nynorskordboka (Hovdenak, Marit mfl. 2006).

2.3 Kjelder

For å undersøkje korleis genusbruken ved desse orda varierer i tekstar skrivne på bokmål og nynorsk har eg nytta såkalla tekstkorpus. Eit tekstkorpus er ei samling av tekstar som er lagd til rette for språkleg analyse. Det finst fleire tekstkorpus for norsk skriftspråk, så også her måtte eg av tidsmessige årsaker gjera ei avgrensing. Eg har valt Leksikografisk bokmålskorpus (LBK) («Leksikografisk bokmålskorpus - Institutt for lingvistiske og nordiske studium» u.å.; Lain Knudsen og Vatvedt Fjeld 2013) og Norsk Ordboks Nynorskkorpus (NON) («Norsk Ordboks Nynorskkorpus» u.å.). Begge desse korpusa er utvikla på Universitetet i Oslo. Saman med resten av Språksamlingane vart Norsk Ordboks Nynorskkorpus i 2016 overført til Universitetet i Bergen og vert no drifta og vidareutvikla der.

Leksikografisk bokmålskorpus inneheld om lag 100 millionar ordførekomstar ifrå tekstar ifrå perioden 1985 til 2013. Tekstutvalet er balansert, det vil seia at ulike sjangrar er representerte i korpuset: sakprosa (45 %), skjønnlitteratur (25 %), aviser og periodikum (20 %), TV-teksting (5 %) og upublisert materiale, småtrykk (5 %).

Nynorskkorpuset inneheld om lag 102 millionar ord ifrå tekstar ifrå 1870-åra og fram til i dag. Også her er fleire sjangrar representerte: skjønnlitteratur, avistekstar og tidsskriftartiklar, læreboktekstar, religiøse tekstar og tekstar ifrå offentleg målbruk (heimesida til korpuset opplyser ikkje om prosentfordelinga mellom dei ulike sjangrane). Nynorskkorpuset dekkjer ein tidsperiode på nesten 150 år, medan Bokmålskorpuset berre har tekstar ifrå ein periode på snautt 30 år. Men bortsett ifrå denne skilnaden i tidsspenn, så liknar dei to korpusa mykje på kvarandre, og det er også grunnen til at eg valde nettopp desse to.

2.4 Innsamling

Sjølve innsamlinga av materialet gjekk ut på å søkje etter moglege førekomstar av orda i utgangsmaterialet i dei to tekstkorpusa som er nemnde ovanfor. Som nemnt tidlegare er det ikkje

berre førekomstar av usamansette ord (til dømes *lås*, *låsen*, *låset* og så bortetter) som er interessante i denne samanhengen, men også samansette former (til dømes *alkolås*, *alkolåsen*, *alkolåset* og så bortetter; *borrelås*, *borrelåsen*, *borrelåset* og så bortetter). Ein enkel måte å få fram alle moglege samansette former med eit gjeve ord som etterlekk på, er å søkja med hjelp av såkalla trunkering. I eit trunkert søk spesifiserer ein berre ein del av ordet ein er ute etter, i tilfellet *lås* blir det då berre etterlekk *lås*, medan det som eventuelt står framfor *lås*, vert ikkje spesifisert. Den delen markerer ein som regel med ei stjerne (*). På den måten kan ein få opp samansette former som til dømes *promillelås* eller *skåtelås*, som ikkje finst i ordbøkene.

I begge dei to korpusa som er nytta i undersøkinga, er det mogleg å søkja på lemmanivå, det vil seia at ein spesifiserer oppslagsform (eventuelt med trunkert førstelekk) og ordklasse, og så skal systemet søkja automatisk også på alle moglege bøyingsformer av det valde lemmaet. Eg utførte nokre testsøk på den måten, men det viste seg at denne metoden gav for upresise treff, og at ein ikkje fekk tilslag på ein god del relevante belegg. Eg valde difor å søkja på ordformnivå med unntak av nokre få ord, som er gjorde greie for i vedlegg 3. Eg brukte den avanserte søkjefunksjonen i begge korpusa. Til dømes ser søkjestrengen for ordformene **saga*, **sagas*, **Saga* og **Sagas* slik ut: [word=".*[Ss]agas*"]. Ei detaljert utgreiing om oppbygginga av søkjesyntaksen finn ein på hjelpesidene til dei to korpusa.

I tillegg til grunnforma søkte eg også på dei ulike bøyingsformene til orda i utgangsmaterialet, både i usamansette og samansette førekomstar, til dømes **lås*, **låsen*, **låset*, **låsars*, **låsane* og **låsa*, i tillegg til tilsvarande possessivformer, til dømes **lås'*, **låsens*, **låsets*, **låsars*, **låsanes* og **låsas*. Utvalet av desse bøyingsformene er basert på følgjande hovudkriterium.


Det fyrste kriteriet ei bøyingsform skal oppfylla, er at ho skal vera eller ha vore ein del av rettskrivingsnorma i løpet av dei tidsperiodane som er dekte i dei to korpusa som er nytta i undersøkinga. Dette kriteriet gjeld også for grunnforma. Leksikografisk bokmålskorpus (LBK) dekkjer ein relativ kort tidsperiode, og for bokmål sin del kan vi difor avgrensa oss til dei endingane som gjeld i dagens norm, det vil seia *-a*, *-en*, *-et* (i eintal) og *-er*, *-ene*, *-a* i fleirtal. Tekstane i Norsk Ordboks Nynorskkorpus (NON) strekkjer seg over ein langt større tidsperiode, og nynorsk har også ein rikare bøyingsmorfologi enn bokmål. Difor er det mange fleire bøyingsendingar i nynorsk som oppfyller det fyrste kriteriet. Her har eg teke utgangspunkt i hovudformene i substantivbøyinga som definert i Aasen-normalen (Aasen 1965, 126–48), Hægstad-normalen ifrå 1901 (Hægstad 1905, 13–20), midlandsnormalen ifrå 1901 (Hægstad

1899, 93–95) og rettskrivingsreforma av 2012 (Rettskrivingsnemnda for nynorsk 2011, 99–144). Detaljane er utgreidde i vedlegg 3.

Det andre kriteriet som ei bøyingsform (anna enn grunnforma) skal oppfylle for å verta inkludert i korpussøka i denne undersøkinga, er at ho potensielt kan eintydig identifisera eller gjeva uttrykk for eitt bestemt genus. I bokmål har eg til dømes i dei fleste tilfella ikkje søkt på fleirtalsendinga *-ene* ettersom denne endinga som regel er nytta for å merkja av fleirtal av substantiv av alle dei tre genusa. Ordet *greip*, som er normert som f./m./n., har altså forma *greipene* i bestemd form fleirtal uavhengig av om ordet er nytta som hankjønns-, hokjønns- eller inkjekjønnsord (som inkjekjønnsord kan *greip* òg ha forma *greipa* i bestemd form fleirtal). Med andre ord ville tilslag på *greipene* ikkje ha gjeve nokon indikasjon på genuset til ordet. Ordformer eller bøyingsendingar som oppfyller desse to kriteria skal eg kalla for genusidentifiserande ordformer eller bøyingsendingar.

I bokmål er det ganske få genusidentifiserande bøyingsendingar. Det er endingane i bestemd form eintal (*-a*, *-en*, *-et*), og endinga *-a*, som i bestemd form fleirtal av dei fleste substantiva indikerer nøytrum, som til dømes i forma *dropsa* i ein frase som *de hjerteforma dropsa*.

I nynorsk er det fleire genusidentifiserande bøyingsendingar. Desse formene er gjorde greie for i vedlegg 3. Vedlegget inneheld òg eit oversyn over tilfelle med avvikande søkjeoppsett. Skjermbiletet i figur 1 viser eit utdrag ifrå ei resultatliste i Norsk Ordboks Nynorskkorpus (NON).



<p>Firda 2000 NPK 2005 NPK 2006 NPK 2006 NPK 2007 NPK 2010 SoA 2008 NPK 2008 NPK 2008 NPK 2007</p>	<p>45 Lazio - Milan 1.80 2.80 3.00 Canal+blå med 46 . (NPK) Alkolås dodsbrannar ned . (NPK) Alkolås i vår . (NPK) Alkolås fryktar Rokke . (©NPK) Alkolås sjolve passet . (©NPK) Alkolås er turen komen til Sogn . Alkolås alkolås i alle nye bilar . Alkolås 80 år , seier han . Alkolås stoppar promilledomde (NPK) : Alkolås</p>	<p>Søndag 19.11.2000 14:30 46 Haderslev - i Gaia- bussar (NPK) hos Vegvesenet (NPK) : på svenske tog (NPK) stoppar promilledomde (NPK) : aukar ikkje smittefaren (NPK) vil bli påbudt i alle nye er kopla til tenninga av bilen For å hindra at folk koyrer er eit effektivt tiltak for å</p>
--	--	---

<p>Flod.EF 1968, 282 NoAllk IX, 333</p>	<p>, med jarnavstivingar og med eit skåtelås . perkusjonsgevær framladningsgevær med slaglås</p>	<p>(" luku ") til . med ein hamar som slær</p>
---	--	--

Figur 1: Søkjerresultat (utdrag) for ordførekomstar på *lås i Norsk Ordboks Nynorskkorpus

2.5 Handsaming

Resultatlistene ifrå korpussøka kopierte eg så over i eit reknearkprogram for å handsama dei vidare. Det vil seia at eg gjekk gjennom søkjerresultata og sletta postar som ikkje var relevante,

og på dei som var relevante, la eg inn kva genus ordet har. Som relevante postar klassifiserte eg belegg der genus kjem eintydig til uttrykk anten i form av genuskongruens og/eller i form av ei genusidentifiserande bøyingsform, det vil seia ei bøyingsform som kan seiast å gjeva uttrykk for eitt bestemt genus. Slike belegg kallar eg her for eintydige genusbelegg eller berre genusbelegg.

Eg skal her gjeva nokre døme på korleis eg har skilt ut eintydige genusbelegg. Belegget *eit skåtelås* i posten ... *med jarnavstivingar og med eit skåtelås* ... er lagt inn som nøytrum av di genuset her kjem eintydig fram i kvantoren *eit*. Derimot er belegget *slaglås* i posten ... *fram-ladningsgevær med perkusjonsgeværlås eller slaglås* ... sletta av di genuset ikkje kjem til uttrykk her. Belegget *hengjelåsar* i posten ... *med seks og tretti hengjelåsar* ... er inkludert som maskulinum av di fleirtalsendinga *-ar* indikerer maskulinum. Dersom ordet *lås* hadde vore nøytrum for denne språkbrukaren, så hadde vi forventa forma *lås* utan ending også i fleirtal. Derimot er belegget *kilo* i posten ... *ei slaktevekt på 61 kilo* ... sletta av di genuset ikkje kjem eintydig til uttrykk her. Både hankjønnsordet *kilo* og inkjekjønnsordet *kilo* er utan ending i ubestemd form fleirtal. Nokre belegg viser til to ulike genus samtidig. Eit døme på det har vi i posten ... *Hovudtingen i budskapet mitt er å ha elevens beste* ... Bestemtheitsendinga *-en* indikerer her maskulinum, medan possessivforma *mitt* viser til nøytrum. Slike belegg er ikkje inkluderte i den vidare analysen.

Vidare er det ei rekkje andre typar av belegg som ikkje er tekne med. Det er ord som finst i Norsk ordbank, men ikkje i handordbøkene (Bokmålsordboka eller Nynorskordboka), til dømes *spad*; belegg som har feil målform, til dømes *nebbet* i posten ... *Med solen ytterst i nebbet. Om lyrikeren Harald Sverdrup* ... ifrå Nynorskorpuset; eigennamn, til dømes *Blånebb* i posten ... *og som går langs eggen på Blånebb og Mjelvafjellet fram til Nesaksla* ...; irrelevante treff, til dømes *langnebbet* og *kortnebbet* i posten ... *og teller to arter : Langnebbet og kortnebbet maurpinnsvin* ... (adjektiv i staden for substantiv); opplagde skrivefeil, til dømes *fyket* i posten ... *mange oppmodingar frå folk over heile fyket om å stilla på lista* ...; metaspråklege kommentarar som eksplisitt handlar om genuset til søkjeordet, til dømes posten ... *er blitt til «den kanaliserte tidtrøyte». I mitt manus stod det* ...

Dublettar i resultatlistene er også luka ut. Her er det snakk om openberre dublettar, altså ikkje setningar som lett kan ha vorte skrivne av fleire skribentar. Det dreiar seg her truleg for det meste om tekst som er forfatta av nyhendebyrå, og/eller tekst som er publisert fleire gonger, og/eller belegg som feilaktig kjem opp fleire gonger på resultatlista i korpussøket. Eit døme på det er posten ... *18 år , let sitt mørke alter ego , Hank , sleppe fram* ...

Kvar post i resultatlistene inneheld også ei tilvising til kjeldelistene for dei to korpusa der ein mellom anna finn informasjon om kva år kjelda er utgjeven i. I kjeldelista for Bokmålskorpuset er det 54 kjelder med verdien 0000 i feltet for årstalet. Desse verdiane skapar problem for analysen, og dei er difor vilkårleg endra til 2000 i denne undersøkinga.

Til slutt må det her opplysast om at eg har inkludert alle eintydige genustreff utan å ha undersøkt om skrivemåten av den aktuelle ordforma følgjer den norma som galdt på det aktuelle tidspunktet. Til dømes har eg inkludert ordforma *Gatelamporne* ifrå ein tekst ifrå 1923 som eintydig genusbelegg sjølv om bøyingsendinga her etter norma som galdt på det tidspunktet burde ha vore *-one*.

2.6 Materiale

Etter å ha søkt i dei to korpusa og handsama søkerresultata som beskrive ovanfor, står eg att med to rekneark som inneheld postar med eintydige genusbelegg, eitt for bokmål og eitt for nynorsk. I tillegg inneheld dei to reknearka éin post for kvart ord ifrå utgangsmaterialet som eg ikkje fann nokon belegg på i det heile teke, eller som ikkje har eintydige genusbelegg. For bokmål er det i alt registrert 157 065 postar, og dette materialet kallar eg her for bokmålsmaterialet. For nynorsk er det i alt registrert 336 369 postar, og dette materialet kallar eg her for nynorskmaterialet. Både bokmålsmaterialet og nynorskmaterialet skal gjerast ope tilgjengeleg i TROLLing-arkivet («TROLLing - The Tromsø Repository of Language and Linguistics» u.å.) når eg har fått publisert ein vitenskapleg artikkel om dette arbeidet (Conzett 2020).

3 Hovudfunn

I dette kapitlet skal eg presentera nokre hovudfunn ifrå analysen av bokmålsaterialet og nynorskaterialet. Det samla materialet er med over 490 000 belegg ganske stort, og det er her ikkje plass til å greia ut om alle aspekt ved materialet som det kunne ha vore interessant å sjå nærare på. Men i vedleggsdelen følgjer fleire oversyn over materialet, og dei illustrerer og supplerer diskusjonen i dette kapitlet på ein meir detaljert måte. Vedlegg 4 gjev eit oversyn over tal på eintydige genusbelegg på substantiva i utgangsmaterialet for bokmål. Belegga er grupperte etter normert genus, og deretter lista opp i alfabetisk rekkjefølgje. I vedlegg 5 får vi eit tilsvarande oversyn for nynorsk. Merk at det i nokre tilfelle der eit ord er normert som fleirgenusord i nynorsk (til dømes *misnøye*, f./n.), er det tilsvarande ordet i bokmål normert med einigenus (til dømes *misnøye*, m.), og det er difor lista opp i den gjeldande gruppa i oversynet i vedlegg 4.

Som eit praktisk grep i analysen har eg valt å dela materialet inn i tre hovudgrupper: Gruppe 1 består av substantiv som anten er heilt utan belegg, utan eintydige genusbelegg, eller som har færre enn 10 eintydige genusbelegg. I gruppe 2 har vi substantiv med 10 eller fleire genusbelegg, og som (nesten) alltid er nytta med berre det eine genuset, eller der det eine genuset dominerer, det vil seia utgjør 90 % eller meir av genusbelegga. Substantiva i gruppe 3 har også 10 eller fleire genusbelegg, men desse substantiva har ei meir jamn genusfordeling, det vil seia at genusbelegga utgjør mindre enn 90 % for alle genusa. Nedanfor skal vi sjå nærare på dei tre gruppene i tur og orden.


Mange av orda i materialet er rotord, til dømes *eksem* og *minutt*, men det er to ordtypar som skil seg ut. Det er ord på *-skap* og *-(n)ing*, til dømes *slektskap* og *kryssning*, og kortavleidde verbalabstrakt, til dømes *treff*. Desse to ordtypane er omtalte nærare heilt til slutt i dette kapitlet.

3.1 Gruppe 1: Substantiv utan eller med få genusbelegg

3.1.1 Bokmål

Gruppe 1 inneheld substantiv som er heilt utan belegg, eller som det ikkje finst eintydige genusbelegg på, og substantiv med færre enn 10 eintydige genusbelegg. Med 273 ord er dette den største gruppa i bokmålsaterialet. Som vist i venstre kakediagrammet i figur 2, utgjør denne gruppa 43 % av alle dei 642 substantiva i utgangsmaterialet. Av dei 273 orda i gruppe 1 er 129 heilt utan belegg eller utan eintydige genusbelegg. Desse orda er lista opp i vedlegg 6. Her finn vi ord som *prokura*, *firblad* og *hynde*. Dei resterande 144 orda i gruppe 1 har genusbelegg, men


færre enn 10. Dei er lista opp i vedlegg 7, grupperte etter normert genus, og deretter sorterte etter tal på genusbelegg i søkkande rekkjefølgje. I denne undergruppa finn vi ord som berre er belagde med eitt genus, til dømes *karde* (f.) *kamfer* (m.) og *hark* (n.) og ord med fleirgenus, til dømes *raft* (f./m.), *skrå* (II; f./m./n) og *vatt*, (m./n.). Det kvantitative tilhøvet mellom dei to undergruppene av gruppe 1 er illustrert i høgre kakediagrammet i figur 2.



Figur 2: Kvantitative tilhøve mellom gruppene i bokmåls materialet – gruppe 1

3.1.2 Nynorsk

Som det går fram av venstre kakediagrammet i figur 3, liknar fordelinga mellom dei tre gruppene i nynorskmaterialet mykje på fordelinga vi såg i bokmål ovanfor. Også i nynorsk utgjør gruppe 1 den største gruppa med 45 % av alle dei 808 undersøkte orda. Av dei 365 orda i gruppe 1 er 167 anten heilt utan belegg eller utan eintydige genusbelegg. Desse belegga er grupperte etter normert genus, og deretter lista opp i alfabetisk rekkjefølgje i vedlegg 8. Blant desse orda finn vi til dømes *grudd*, *melde* og *lagje*. Resten, det vil seia godt over halvta (198) av gruppe 1, består av ord som har færre enn 10 genusbelegg. Dei er lista opp i vedlegg 9, grupperte etter normert genus, og deretter sorterte etter tal på genusbelegg i søkkande rekkjefølgje. Her finn vi ord som *promemoria*, *nirvana* og *prokura*. Som i bokmål er det blant desse nokre som berre er belagde med eitt genus, til dømes *anretning* (f.), *suss*, (m.) og *nøytron* (n.), og nokre som er belagde som fleirgenusord, til dømes *kuvøse* (f./m.), *mørkn* (f./n.), *opium* (m./n.). Høgre kakediagrammet i figur 3 illustrerer storleikstilhøvet mellom dei to undergruppene av gruppe 1 i nynorskmaterialet.



Figur 3: Kvantitative tilhøve mellom gruppene i nynorskmaterialet – gruppe 1

3.2 Gruppe 2: Substantiv med dominerande genus

Gruppe 2 og gruppe 3 er meir interessante, for det er her vi finn substantiv med fleire genusbelegg, det vil seia 10 eller fleire belegg. I gruppe 2 har eg som nemnt samla dei orda der eitt av genusa har klårt flest belegg i materialet, det vil seia 90 % eller meir.

3.2.1 Bokmål

I bokmål består gruppe 2 av 226 ord, og dei utgjer ein dryg tredjedel (35 %) av alle dei 642 orda i utgangsmaterialet. Vi skal her sjå nærare på desse orda og grupperer omtalen etter kva normert genus dei har.

3.2.1.1 Normert genus: f./m.

Det er 72 substantiv i gruppe 2 med f./m. som normert genus. I alle desse orda er det maskulinum som er det dominerande genuset. Eit alfabetisk oversyn over desse orda er gjeve i vedlegg 10. Her finn vi ord som *andakt*, *klage* og *kledning*.

3.2.1.2 Normert genus: f./m./n.

10 av orda i gruppe 2 er normerte med alle tre genusa. Av desse har desse 9 orda nøytrum som dominerande genus: *dun*, *fyll* (II), *oppkomme*, *råd* (II), *skjell* (I), *sokn* (II), *tjern*, *vis*, *åte*. Eitt ord, *nyre*, har maskulinum som dominerande genus. Genusfordelinga for desse orda går fram av vedlegg 11.

3.2.1.3 Normert genus: m.

Det er 19 normerte hankjønnsord i gruppe 2, og dei er lista opp i vedlegg 12. Dei har alle maskulinum som dominerande genus. I 10, det vil seia meir enn halvta, av dei er maskulinum einerådande. Den lågaste maskuline prosentdelen i denne gruppa har med 91 % orda *bøk* og *hån*. Her det i tillegg til maskulinum også registrert belegg på femininum (*bøk*) og nøytrum (*hån*). Ordet *fart* er med 4 866 genusbelegg størst i denne gruppa. Også her dominerer m., med 95 %, men det er så mange som 223 belegg på femininum.

3.2.1.4 Normert genus: m./n.

116 ord i gruppe 2 er normerte som m./n. Av desse har 45 maskulinum som dominerande genus. Dei er lista opp i vedlegg 13. Fleire av orda i den maskulinumsdominerte delen av gruppe 2 høyrer til dei særskilde ordtypane som er omtalte til slutt i dette kapitlet. Dei skal eg ikkje gå nærare inn på her. Derimot bør ein vera merksam på at dei to genusa i visse ord ser ut til å ha differensierande funksjon, det vil seia at vi ikkje har med genusvariasjon å gjera, men at det er meir snakk om at dei to genusa er knytte til kvart sitt bruksområde eller til kvar si tyding. I denne gruppa kan det etter det eg kan sjå vera tilfellet for ordet *bruk*.

Ved ordet *bruk* ser det ut til at nøytrum er det føretrekte genuset når substantivet står saman med eit possessiv som utfylling til preposisjonen *til*. Eller med andre ord at konstruksjonar som *til mitt/ditt/sitt (eget) bruk* er meir frekvente enn *til min/din/sin (egen) bruk*. Den sistnemnde, det vil seia den maskuline varianten, er belagd 3 gonger i bokmåls materialet, medan nøytrumsvarianten er belagd 44 gonger. Derimot er maskulinum meir vanleg når *bruk* er nytta i bestemd form. 71 % av alle hankjønnsbelegga på *bruk* står i bestemd form, altså *bruken*, medan det berre gjeld 23 % av inkjekjønnsbelegga.

Nøytrum er det dominerande genuset i 71 m./n.-normerte substantiv. Vedlegg 14 gjev eit oversyn over desse orda. Ein stor del av desse orda er kortavleidde verbalabstrakt, til dømes *blunk*, *dunk* og *flir*. Vi kjem tilbake til ordtypen i slutten av kapitlet, saman med orda på *-skap*.

3.2.1.5 Normert genus: n.

10 substantiv i gruppe 2 er normerte med nøytrum som einegenus, og blant genusbelegga for desse orda er det også nøytrum som er einerådane, bortsett ifrå ordet *oppdrett*, som har 1 maskulint belegg. Vedlegg 15 syner kor mange genusbelegg det er på desse orda.

3.2.1.6 Omsving i genusfordeling

Sjølv om det eine genuset er meir eller mindre dominerande i orda i gruppe 2, så kan ein ikkje sjå bort ifrå at det eine genuset var dominerande eller jamvel einerådande i ein tidlegare tidsperiode, men at det andre genuset har teke over denne posisjonen i nyare tid. Bokmålskorpuset spanner berre over ein tidsperiode på om lag 30 år, og det er lite sannsynleg at eit slikt omsving i genusfordeling skal ha skjedd hos orda i gruppe 2. For å vera på den sikre sida har eg likevel undersøkt korleis genusfordelinga i denne gruppa har utvikla seg over tid. Som venta viser ingen av dei undersøkte orda eit omsving i genusfordeling mot slutten av tidsperioden i favør av eit genus som samla sett ikkje er dominerande. Dei samanlagde tala som er presenterte for orda med genusdominans, kan dimed seiast å vera representative også for den nyaste tidsbolken.

3.2.2 Nynorsk

I nynorsk består gruppe 2 av 146 ord, og dei utgjer ein snau femtedel (18 %) av alle dei 808 orda i utgangsmaterialet. Dette er altså ord med 10 eller fleire genusbelegg og der det eine genuset utgjer 90 % eller meir av belegga. Vi skal her sjå nærare på desse orda og grupperer omtalen etter kva normert genus dei har.

3.2.2.1 Normert genus: f.

I nynorskmaterialet er det 11 substantiv i gruppe 2 med f. som normert genus. I alle desse orda er det ikkje uventa femininum som er det dominerande genuset. Eit alfabetisk oversyn over desse orda er gjeve i vedlegg 16. Nemneverdig konkurranse får femininum i orda *innsikt* (8 % m.), *sott* (9 % m.), *stø* (I, 9 % n.) og *utsikt* (8 % m.).

3.2.2.2 Normert genus: f./m.

43 ord i gruppe 2 er normerte som f./m. I 20 av desse er det femininum som dominerer. Dei er lista opp i vedlegg 17. Brorparten av desse orda er linne substantiv (til dømes *kantine* og *klamme*).

Dei resterande 23 substantiva i gruppe 2 har maskulinum som dominerande genus, og dei er lista opp i vedlegg 18. Nokre av dei er linne (til dømes *farge* og *ode*), men dei fleste er sterke (til dømes *pest* og *svikt*).

3.2.2.3 Normert genus: m.

Det er 8 normerte hankjønnsord i gruppe 2 i nynorskmaterialet, og dei er lista opp i vedlegg 19. Dei har alle maskulinum som dominerande genus. I 5 av dei er m. einerådande. Det er orda

eine, einer, hamster, hegg og *hyll*. I dei resterande 3 orda (*bøk, fart* og *sigd*) utgjør f. mellom 1 og 7 %. Ordet *fart* har 4 176 genusbelegg og er dimed som i bokmåls materialet størst i denne gruppa. Sjølv om m. dominerer ved dette ordet, er det likevel 250 belegg på femininum.

3.2.2.4 Normert genus: m./n.

74 ord i gruppe 2 er normerte som m./n. Av desse har 48 maskulinum som dominerande genus. Dei er lista opp i vedlegg 20. Som i bokmåls materialet høyrer også i nynorsk materialet fleire av orda i den maskulinumsdominerte delen av gruppe 2 til dei ordtypane som er omtalte til slutt i dette kapittelet, og som difor ikkje skal drøftast nærare her. For ordet *bruk* gjeld det same atterhaldet som eg gjorde merksam på i omtalen av den tilsvarande gruppa i bokmåls materialet i avsnitt 3.2.1.4 ovanfor.

Nøytrum er det dominerande genuset i 26 m./n.-normerte substantiv. Vedlegg 21 gjev eit oversyn over desse orda. Denne gruppa er ganske heterogen, kanskje med unntak av fleire kortavleidde verbalabstrakt, til dømes *hulk, køyr* og *nikk*, og ord på *-skap*. Desse kjem vi som sagt tilbake til i slutten av kapittelet.

At ordet *aspekt* er med i denne gruppa kjem kanskje litt overraskande. Ut ifrå døma som er oppførte i Nynorskordboka, skulle ein kanskje tru at maskulinum her var det føretrekte genuset, for ordboka nyttar berre maskuline bøyingsformer i døma, nemleg *aspektar* og *aspektane*.

Ein ordtype vi ikkje har diskutert enno, er relativt nye lånord, som regel ifrå engelsk. Det er ikkje uvanleg av nye lånord har vaklande genus i starten. Blant dei nøytrumsdominerte orda i nynorsk materialet finn vi fleire slike ord, til dømes *comeback* og *stress*. I begge desse orda ser genuset ut til å ha stabilisert seg i favør av nøytrum.

3.2.2.5 Omsving i genusfordeling

Nynorsk korpuset spenner over ein tidsperiode på over 150 år. Det inneber at det er større sjansar for at ein genusdominans i det samla materialet kan skriva seg attende til ein tidlegare periode og at styrketilhøvet mellom genusa i nyare tid er merkbart endra. For å supplera dei samanlagde tala som er presenterte ovanfor, har eg undersøkt korleis genusfordelinga har utvikla seg over tid. I gruppe 2 er det berre eitt ord der genusutviklinga viser spor til genusomsving, og det er ordet *sott*. Ordet er normert som f., og det har òg vore det dominerande om ikkje einerådande genuset fram til om lag 1990. Men som vi ser i figur a) og b) i vedlegg 22, så har m. vorte mykje vanlegare etter 1990. I denne siste perioden er styrketilhøvet mellom dei to genusa slikt: f.: 44 belegg; m.: 34 belegg. Genusfordelinga er altså vorten ganske jamn.

3.3 Gruppe 3: Substantiv med jamnare genusfordeling

Ord i gruppe 3 har ei meir jamn genusfordeling, det vil seia at ingen av genusa står for 90 % eller meir av alle dei eintydige genusbelegga til eit ord. I bokmålsmaterialet består denne gruppa av 143 ord. Det utgjer 22 % av utgangsmaterialet, og dimed er gruppe 3 den minste gruppa i bokmålsmaterialet. I nynorsk er det 297 ord i gruppe 3, og det utgjer 37 % av utgangsmaterialet. Det gjer gruppe 3 til den nest største gruppa i nynorskmaterialet. Vedlegg 23 (bokmålsmaterialet) og vedlegg 24 (nynorskmaterialet) gjev eit oversyn over orda i gruppe 3 grupperte etter normert genus, og deretter sorterte etter søkkande prosentdel av det mest talrike genuset. Som det går fram av desse to listene, så er det varierende genusfordeling i gruppe 3. Her finn vi ord med heilt jamn genusfordeling (til dømes bokmålsordet *dask*; m.: 50 %, n.: 50 % og nynorskordet *pjank*; m.: 50 %, n.: 50 %), ord der det største genuset utgjer 49 % av genusbelegga (til dømes bokmålsordet *gardin*; f.: 8 %, m.: 49 %, n.: 42 %), og ord der det største genuset utgjer 89 % av genusbelegga (til dømes bokmålsordet *monn*; m.: 11 %, n.: 89 % og nynorskordet *svill*; f.: 89 %, m.: 11 %).

Vi har tidlegare sett at genusfordelinga ved ordet *bruk* truleg ikkje berre speglar av variasjon mellom språkbrukarar, men òg kan vera utslag av ein differensierande funksjon genus har ved dette ordet. Den same tendensen til å lata genus knyta seg til kvart sitt bruksområde eller til kvar si tyding gjer seg òg gjeldande ved dei to bokmålsorda *prat* og *kjede* i gruppe 3.

Når det gjeld ordet *prat*, så er inntrykket mitt, utan å ha undersøkt dette i detalj, at genusfordelinga i stor grad er basert på det tydingsskiljet som Bokmålsordboka opererer med, på det viset at maskulinum er nytta når det er snakk om ein samtale (til dømes ... *slå av en prat* ...), medan nøytrumsordet er nytta i tydinga 'laust snakk' (til dømes ... *glem alt tullpratet om* ...). Dette er også slik normeringa er i Nynorskordboka, der dei to tydingane er oppførte som to separate oppslagsord med kvart sitt genus.

Når det gjeld ordet *kjede*, er nøytrum det føretrekte genuset når det dreiar seg om eit halssmykke. Ordet *halskjede* har 108 genusbelegg i bokmålsmaterialet, og 105 av dei er nøytrum, og berre 3 er maskulinum. Også når ordet *hals* ikkje er fyrstelekken, så dominerer nøytrum i tydinga 'halssmykke'. Søkjer ein i materialet etter eintydige genusbelegg for grunnordet *kjede* der ordet *hals* i ei eller anna form er blant dei første fem orda som kjem etter grunnordet, så får ein opp 81 belegg. Av desse er 75 nøytrum (til dømes ... *hadde et kjede rundt halsen* ...), medan berre 6 er maskulinum (... *en smal kjede rundt halsen* ...).

3.3.1 Omsving i genusfordeling

I omtalen av ord i gruppe 2 ovanfor såg vi at genusfordelinga ved ord med genusdominans kan ha endra seg over tid. Vi må rekna med at slike omsving i genusfordeling òg kan ha skjedd ved ord som har ei meir jamn genusfordeling når ein ser på heile tidsperioden under eitt. Eg har difor undersøkt korleis genusfordelinga har utvikla seg over tid ved orda i gruppe 3.

Dei fleste av orda i gruppe 3 held om lag same genusfordelinga gjennom heile tidsperioden. I bokmåls materialet gjeld det alle orda i gruppe 3. I nynorskmaterialet er det fleire ord i gruppe 3 der det eine genuset har hatt (tilhug til) eit oppsving til ein meir dominerande posisjon. Dersom denne endringa skjedde ganske seint i tidsperioden, så har vi med eit typisk oppsving å gjera, det vil seia at genusfordelinga i nyare tid er ei anna enn det dei samla tala for heile tidsperioden tilseier. Men eg har her òg valt å rekna endringar som genusoppsving dersom endringa i genusfordelinga skjedde ganske tidleg i tidsperioden, og dei samla tala for heile perioden gjev eit bra bilete av genusfordelinga også i den nyare perioden. I tillegg har eg inkludert i denne gruppa ord der talet på genusbelegg for visse år eller kjelder stikk seg veldig ut (såkalla ville observasjonar eller uteliggjarar), og dei samla tala difor ikkje kan seiast å vera representative for genusfordelinga. Definerer vi genusomsving på denne måten, er det følgjande ord i nynorskmaterialet som høyrer heime i denne gruppa:

alm, bedding, bordell, fjøs, flir, formular, gny, grunne, grus, gufs, kneik, knyst, kremt, kulde, kvelv, kyss, legning, lyng, låt (I), magma, marmor, medlemskap, narr, nebb, null, okle, olje, oppkome, oppkomme, pank, puff (III), rap (II), rykk, sjuke, skjelv (II), smell (II), smil, sokn (II), stand (III), sukk (I), sus, trane, vis, yl

Nokre av desse orda skal få sin eigen omtale i delkapittelet om særskilde ordtypar (sjå 3.4). Det gjeld ord på *-(n)ing* (*bedding, legning*), ord på *-skap* (*medlemskap*), kortavleidde verbalabstrakt (*flir, gny, gufs, knyst, kremt, kyss, puff (III), rap (II), rykk, skjelv (II), smell (II), smil, sukk (I), sus, yl*) og nemningar for treslag (*alm*). For resten av orda i gruppe 3 med genusomsving er utviklinga av genusfordelinga over tid framstilt i genusprofilane i vedlegg 25. Litt grovt sett og forenkla kan vi skilja mellom fire typar genusomsving i denne gruppa.

3.3.1.1 Ville observasjonar

Den fyrste typen er eigenleg ikkje eit døme på omsving, men heller på at eit genus stikk seg ut med svært mange belegg i eitt eller fleire år, noko som fører til at den samla genusfordelinga ikkje er like karakteristisk for heile materialet. Eg kallar denne typen her for ville observasjonar

eller uteliggjarar. Vile observasjonar finn vi ved desse orda i nynorskmaterialet: *bordell, formular, magma, marmor, null*.

Ordet *bordell* har ein vill observasjon på m., elles er det flest belegg på n. Det same gjeld ordet *formular*. Både *magma* og *marmor* har ville observasjonar på n., men begge orda har nokså få genusbelegg. Ordet *null* har ein vill observasjon på m., men elles ei meir jamn genusfordeling.

3.3.1.2 Frå genusdominans til meir jamn genusfordeling

I fire tilfelle kan vi observera at det tidlegare i den undersøkte tidsperioden var eit genus som var dominerande eller einerådande, men at genusfordelinga seinare utvikla seg til å verta meir jamn. Ei slik utvikling har skjedd ved orda *fføs, kneik* og *kvelv*.

Ordet *fføs* har stort sett berre genusbelegg på n. heilt fram til 1980-åra. Etter det har genusfordelinga vore nokså jamt fordelt mellom n. og m. Mykje same utviklinga har skjedd ved ordet *kneik*, men her er det m. som fyrst er dominerande eller nesten einerådande, og ifrå 1990-åra får m. tøff konkurranse ifrå f. Genusfordelinga ved ordet *kvelv* har gått litt i bylgjer. Fram til slutten av 1990-åra var det mest m. som dominerte, men etter det har n. styrkt posisjonen sin monaleg. Ordet *kvelv* finst også i bokmål, men er lite nytta der. Derimot har ordet ei jamstilt alternativ form i bokmål, og det er *hvelv*. Denne forma har nøytrum som einegenus, og det kan ha påverka oppsvinget av nøytrum ved ordet *kvelv* i nynorsk.

3.3.1.3 Skifte i genusdominans

Den tredje typen genusomsving er eit skifte i genusdominans. Det vil seia at det eine genuset dominerer eller er einerådande i ein fyrste fase av den undersøkte tidsperioden, men så tek eit anna genus over denne posisjonen. Eit slikt skifte i styrketilhøvet kan vi observera ved følgjande ord: *grus, nebb, pank, sokn* (II).

Ordet *grus* startar ut som n.-dominert, men ifrå 1970-åra har m. hatt eit suverent overtak i genusfordelinga og er så godt som einerådande i den nyaste tida. Ordet *nebb* er prega av maskulin genusdominans heilt fram til midten av 1900-talet. Etter det har genusfordelinga vore meir jamn mellom m. og n., og i åra etter 2000 har n. stått for anten brorparten eller alle genusbelegga. Ordet *pank* har få genusbelegg, og etter 1930 er det berre registrert nøytrale belegg. Ordet *sokn* (II) har relativt klår maskulin genusdominans fram til om lag 1990. Etter det har n. teke gradvis over som føretrekt genus.

3.3.1.4 Frå jamn genusfordeling til genusdominans

I den siste typen genusomsving byrjar utviklinga med ei jamn genusfordeling og endar med at det eine genuset har svinga seg opp til å vera det dominerande genuset. Ei slik fokusering av genusprefarans har skjedd ved orda *lyng*, *låt*, *narr*, *stand* (III) og *vis*.

Genustevlinga mellom m. og n. ved ordet *lyng* er nokså jamboren i brorparten av den undersøkte tidsperioden, men ifrå 1980 er ordet i all hovudsak nytta som m. Ordet *låt* (I) har få genusbeglegg fram til cirka 2000. Etter det ser det ut til at ordet har fått mykje større utbreiing, og dei aller fleste belegga er hankjønnsord, men også f. har fått eit lite oppsving. Ved ordet *stand* (III) har utviklinga gått ifrå meir eller mindre jamn fordeling mellom m. og n. (mest med n. i førarsetet) til maskulin genusdominans ifrå slutten av 1970-åra. Ordet *vis* har ei tredelt genusfordeling mellom f., m. og n. fram til midten av 1900-talet. I starten er f. mest utbreidd, men styrken minkar gradvis, og ifrå 1950-åra startar n. sin sigerstog til ei så godt som einerådande stilling ifrå slutten av 1980-åra.

3.4 Særskilde ordtypar

Til slutt skal vi her drøfta nokre ordtypar som anten som skil seg ut i bokmåls materialet så vel som i nynorskmaterialet, eller som er omtalte i litteraturen om genusbeglegg. Det er ord på *-(n)ing* (til dømes *bygning*), ord på *-skap* (til dømes *slektskap*), kortavleidde verbalabstrakt (til dømes *flir*) og nemningar for treslag (til dømes *alm*).

3.4.1 Substantiv på *-(n)ing*

Utgangsmaterialet som ord på *-(n)ing* er ein del av, er etablert med utgangspunkt i substantiv som i nynorsk er normerte som både hankjønnsord og hokjønnsord. Til bokmåls materialet er det då plukka ut dei bokmålsorda som svarer til orda i nynorskmaterialet i denne gruppa. Hovudregelen for genusbeglegg til ord på *-(n)ing* i nynorsk er at ord som står for noko abstrakt (til dømes *sykling*) er f., medan ord som nemner noko konkret (til dømes *spreking*) er m. Dei abstrakte orda er som regel verbalavleiingar. Ordet *sykling* er til dømes avleidd av verbet *sykla*. Men så er det ein del ord *-(n)ing* som er avleidd av verb, men som nemner noko konkret. Nokre av dei er nemningar på personar (til dømes *flykting* og *kjenning*), og dei er m. Substantiva på *-(n)ing* som er normerte som f./m., plasserer seg på denne skalaen som strekkjer seg ifrå eintydige verbalabstrakt (til dømes *trefning*) til eintydig konkrete ord (til dømes *pakning*).

3.4.1.1 Bokmål

I vedlegg 29 får vi eit oversyn over dei i alt 30 orda på *-(n)ing* i bokmålsmaterialelet og kva genusfordeling dei har. I dette og tilsvarende oversyn over genusfordelinga ved særskilde ordtypar er orda lista opp etter gruppe (1-3). I gruppe 1 er orda sorterte alfabetisk. I gruppe 2 og 3 er dei sorterte etter søkkande prosentdel av det mest talrike genuset. Som det går fram av oversynet over ord på *-(n)ing* i bokmålsmaterialelet, er m. så godt som einerådande ved alle desse orda, med unntak av orda *esing* og *velling*, der f. står for høvesvis 15 % og 43 % av genusbelegga.

3.4.1.2 Nynorsk

Som vedlegg 30 syner, er genusfordelinga ved dei i alt 35 orda på *-(n)ing* i nynorskmaterialelet ikkje like einsarta som ved dei tilsvarende orda i bokmålsmaterialelet. I gruppe 2 er det 3 ord med feminin genusdominans: *esing* (II), *strekning* og *avskjering* (I), og 2 ord med maskulin genusdominans: *bygning* og *doning*. Tek vi føre oss dei orda av gruppe 3 der det eine genuset står for 75 % eller meir av genusbelegga, så ser vi at 5 av dei (*demning*, *festning*, *legning*, *linning*, *velling*) har f. som dominerande genus, medan 4 av dei (*binding* (II), *leidning*, *leivning*, *rydning*) føretrekkjer m. Resten av orda i gruppe 3 har ei meir jamn genusfordeling.


Ser vi bort ifrå gruppe 1, er det tre ord på *-(n)ing* som har abstrakt tyding. Det er orda *avskjering* (I), *legning* og *pasning*. dei fyrste to har nokså utprega f.-dominans; 93 % i tilfellet *avskjering* (I) og 78% ved ordet *legning*, medan *pasning* har ei ganske jamn genusfordeling (f.: 58 %, m.: 42 %). Av genusprofilane i vedlegg 31 går det fram at genusdominansen i orda *bedding* og *leivning* skuldast i stor grad ein vill observasjon på høvesvis f. og m. Ved ordet *legning* kan vi observera ei utvikling ifrå dominerande f. til ei meir jamn genusfordeling ifrå 2007. Elles er det ingen genusomsving å rapportera om ved orda på *-(n)ing* i nynorskmaterialelet.

Det er vanskeleg å sjå eit klårt genusfordelingsmønster som gjer seg gjeldande ved orda på *-(n)ing* med konkret tyding. Den noko brokete stoda kan illustrerast med orda *bygning* og *demning*. Fyrstnemnde har ein maskulin genusdominans på 93 %, medan det ved sistenemnde er femininum som har overtaket med 80 %. Det kan henda at det finst eit klårare mønster i genusfordelinga ved desse orda i talemålet, og at dette mønsteret har vorte skipla av normeringa i skriftspråket. Som Sandøy (1997) peiker på, har substantiv på *-ing* og *-ning* vore utsette for til dels puristisk normering heilt sidan Aasen.

3.4.2 Substantiv på *-skap*

Genustilhøva ved substantiv på *-skap* er litt innfløkte, og vi skal difor sjå litt nærare på genushistorikken deira, illustrert med dei fire orda *klokskap*, *ven(n)skap*, *bodskap/budskap* og *landskap*. Utviklinga er skissert i figur 4. Utgreiinga er basert på eit tidlegare arbeid (Conzett 2004). Lat oss starta med det enkle. I gamalnorsk var alle ord på *-skap* maskulinum, og berre maskulinum, til dømes *klókskapr* ('klokskap'), *vinskapr* ('venskap') og *boðskapr* ('bodskap'). Og slik er det framleis med *skap*-ord av typen *klokskap*, det vil seia dei som er avleidde av adjektiv, i dømet *klokskap* av adjektivet *klok* (jamfør den øvste vassrette bolken i figuren). Slike adjektivabstrakt er altså maskulinum både i bokmål og nynorsk den dagen i dag. Andre døme er *latskap* og *råskap*. For bokmål sin del kan vi også leggja til *villskap*. Men i nynorsk har dette ordet av ein eller annan grunn vorte normert som fleirgenusord. Det føreliggjande materialet gjev ikkje empirisk støtte for ei slik normering. Som vi skal sjå nedanfor, så er maskulinum einerådande i dette ordet.

I andre enden har vi typen *landskap*, det vil seia ord på *-skap* som berre er nøytrum både i bokmål og nynorsk, og som truleg alltid har vore nøytrum. Denne typen fanst som sagt ikkje i gamalnorsk, men har truleg sitt opphav i innlånte ord ifrå lågtysk, til dels formidla via dansk eller svensk (jamfør den nedste vassrette bolken i figuren).



Figur 4: Genushistorikk til ord på *-skap* i norsk

Men så har vi det litt meir innfløkte mellomsjiktet som ligg imellom desse to typane, og det er ord som *ve(n)nskap* og *bodskap/budskap* (jamfør den tredje vassrette bolken i figuren). Vi skal

først sjå på sistnemnde. Forma *budskap* med /ʉ/ i bokmål er truleg lånt inn ifrå dansk eller svensk, og der er ordet belagt som nøytrum allereie på 1300-talet. Og så vidt eg veit, har *budskap* alltid vore normert som nøytrum i bokmål, i alle fall var det nøytrum i 2005, altså året for den siste rettskrivingsreforma i bokmål. I nynorsk blei ikkje nøytrum teke inn i norma før i 2012.

Det var kort om genushistorikken til ord på *-skap* i norsk. Korleis er så stoda for desse orda i materialet for denne undersøkinga? Vi tek fyrst føre oss bokmålsmaterialet og så nynorskmaterialet.

3.4.2.1 Bokmål

I utgangsmaterialet for bokmål finst det i alt 22 ord på *-skap*. Genusfordelinga ved desse orda i materialet er framstilt i vedlegg 26. Gruppe 1 består som kjent av ord med ingen eller færre enn 10 genusbelegg. Både gruppe 2 og 3 er ord med 10 eller fleire genusbelegg. I gruppe 2 er det eit dominerande genus som utgjer minst 90 % av genusbelegga, medan den tilsvarande prosentdelen ved ord i gruppe 3 er mindre enn 90 %.

Av dei 22 orda på *-skap* høyrer 11 til gruppe 1. Det er følgjande ord: *fandenskap, frendskap, granneskap, hjonskap, narreskap, sjømannskap, skyldskap, styggeskap, trollskap, tulle-
skap, tusseskap*. I 4 ord dominerer det eine genuset (gruppe 2). Maskulin genusdominans har vi i ordet *beredskap*. Sjølv om ordet truleg er lånt inn som heilskap og tilhøvet mellom grunnordet (*beredt*) og avleiinga er noko tilslørt, så liknar det mykje på dei maskuline adjektivabstrakta av typen *råskap*. Nøytrum er det føretrekte genuset ved orda *adelskap, broderskap* og *slektskap*. Dei resterande 7 orda høyrer til gruppe 3: *djevelskap, faenskap, fiendskap, he-
denskap, jævelskap, kjennskap, redskap*. Ingen av *skap*-orda i bokmålsmaterialet viser eit om-
sving i genusfordeling av den typen som er beskriven tidlegare.

3.4.2.2 Nynorsk

Vedlegg 27 gjev eit oversyn over alle orda på *-skap* i nynorskmaterialet. Det er i alt 78 ord, og dei utgjer så mykje som snaue 10 % av heile utgangsmaterialet. Dei følgjande 42 orda høyrer til gruppe 1, det vil seia at dei har ingen eller færre enn 10 genusbelegg:

*amatørskap, bøvelskap, fadderskap, fandenskap, farisearskap, farkeskap, felag-
skap, filleskap, fordingskap, fostbrorskap, frimurarskap, fritenkarskap, fylgjeskap,
følgeskap, følgjeskap, galningskap, gledskap, grendskap, handelsborgarskap,
heimfødingskap, hjonskap, hovdingskap, husbondskap, hyklarskap, høvdingskap,*

morskap, mågskap, operatørskap, ordførarskap, prakkarskap, sjømannskap, spissborgarskap, statsborgarskap, syskenskap, systerskap, søskenskap, søsterskap, travenskap, tusseskap, uvettingskap, uvitingskap, våenskap

I gruppe 2 finn vi 14 ord på *-skap*. Brorparten av dei føretrekkjer maskulinum. Det er desse 11 orda: *bodskap, børnskap, endskap, fiendskap, frendskap, fritenkjarskap, førarskap, sedskap, skaldskap, tjodskap, villskap*. Nøytrum dominerer i desse 3 orda: *borgarskap, moderskap, svangerskap*. Dei resterande 22 orda høyrer til gruppe 3 og har ei meir jamn genusfordeling:

*adelskap (I), brorskap, djevelskap, eigarskap, entreprenørskap, faenskap, fante-
skap, farskap, fellesskap, forfattarskap, formyndarskap, granneskap, kameratskap,
leiarskap, medlemskap, meisterskap, naboskap, partnarskap, slektskap, trollskap,
vennskap, venskap*

Nokre få *skap*-ord i nynorskmaterialet har opplevd eit omsving i genusfordeling i siste delen av tidsperioden som belegg stammar ifrå. Det er tilfellet for orda *adelskap (I), brorskap, farskap* og *venskap*. Genusprofilane i vedlegg 28 illustrerer korleis genusfordelinga ved desse orda har utvikla seg over tid. Ordet *venskap* høyrer til gruppe 3 og har samla sett ei genusfordeling på 77 % m. og 23 % n. Men ifrå slutten av 1990-talet har talet på nøytrale genusbelegg gått monaleg opp, og i einiskilde år er det jamvel fleire nøytrale enn maskuline belegg. (Den jamstilte forma *vennskap* har alt ifrå dei fyrste genusbelegga på slutten av 1950 hatt ei meir jamn genusfordeling.) Med ei samla genusfordeling som er nokså jamn, høyrer òg ordet *adelskap* til gruppe 3. Ordet har berre få genusbelegg, men frå og med 1990 er dei alle nøytrum. Også ordet *brorskap* har samla sett ei jamn genusfordeling, men her har nøytrum svinga seg opp til å verta det dominerande genuset etter år 2000. Sjølv om det berre er registrert få genusbelegg på ordet *farskap*, så kan vi observera eit liknande oppsving av nøytrum frå midten av 2000-talet.

3.4.3 Kortavleidde verbalabstrakt

Nøytrum har allereie i gamalnorsk eit lite overtak over maskulinum og femininum, og i dag er nøytrum utan tvil det føretrekte genuset for kortavleidde verbalabstrakt, det vere seg slike som uttrykkjer uavgrensa handlingar, som *fusk* og *pugg*, eller avgrensa handlingar som *skann* og *krasj*. Jamfører vi dei to gruppene, er maskulinum vanlegare hjå dei uavgrensa verbalabstrakta, til dømes *kos* og *trim*, enn hjå dei avgrensa, til dømes *titt* og *dult*. Generelt har nøytrum bygd ut sin posisjon i begge gruppene. Det syner seg mellom anna i genusovergangar i gamle avlei-

ingar. Ord som *kvin*, *smil* og *ymt* er tidlegare berre belagde som maskulinum; jamfør gamalnorsk *hvinr* og *ymtr*, og *smil* i Aasens *Norsk Ordbog* ifrå 1873 (Aasen 2003). I dag er desse orda nøytrum i mange målføre (Conzett 2016a, 308).

Når det gjeld skriftspråksnormeringa i dag, så er nøytrum ved kortavleidde verbalabstrakt meir vanleg i bokmål enn i nynorsk. Stoda kan samanfattast slik: Nokre av orda er normerte som berre maskulinum både i bokmål og nynorsk, til dømes *velt*. Nokre er nøytrum i bokmål, til dømes *kjør* og *dykk*, medan dei er maskulinum eller nøytrum i nynorsk (*køyr*), eller berre maskulinum (*dykk*). Så har vi ord som er normerte med fleirgenus i bokmål, men som maskulinum i nynorsk, til dømes *skrell* (I), ord som er normerte med fleirgenus i bokmål, men som berre nøytrum i nynorsk, til dømes *snakk*, og ord med normert fleirgenus både i bokmål og nynorsk, til dømes *smil*. Og til slutt er det ord som berre er nøytrum i begge målformene, til dømes *kast*. Nedanfor er det greidd ut om korleis genusforeldinga er ved kortavleidde verbal substantiv i bokmåls materialet og i nynorskmaterialet. Ver merksam på at det ved enkelte av orda som her er klassifiserte som verbalabstrakt, kan vera tvil om ordet ifrå ein synkron synsstad skal analyserast som avleiing, eller om det heller bør sjåast på som grunnord for det tilhøyrande verbet. Det gjeld til dømes ordet *trass*. Historisk sett er ordet lånt inn ifrå lågtysk, og verbet *trassa* er truleg seinare avleidd av dette substantivet.

3.4.3.1 Bokmål

I utgangsmaterialet for bokmål finst det is alt 152 kortavleidde verbalsubstantiv, og dei står for ein snau fjerdedel av utgangsmaterialet. Genusfordelinga ved desse orda i bokmåls materialet er framstilt i vedlegg 32. Av dei 152 orda høyrer 63 ord til gruppe 1, det vil seia at dei har færre enn 10 eller ingen genusbelegg. Dei er lista opp alfabetisk i den øvste delen av tabellen. Orda i gruppe 2 og 3 er sorterte etter søkkande tal på genusbelegg.

I 62 ord står det eine genuset for minst 90 % av genusbelegga (gruppe 2). Maskulin genusdominans har vi i desse 20 orda: *bruk* (I), *dukk*, *fyk* (I), *glid*, *glipp* (II), *hån*, *kikk* (I), *klage*, *knekk* (I), *kok* (III), *last* (I), *lit* (I), *miks*, *piff* (I), *rapp* (IV), *rus*, *sprøyt* (I), *takk* (I), *tillit*, *trass*. For ordet *bruk* gjeld merknaden om mogleg genusedifferensiering i avsnitt 3.2.1.4. Nøytrum er det føretrekte genuset ved desse 43 orda:

blunk, *dirr*, *dunk* (II), *flir*, *glefs*, *glimt*, *glis*, *gufs*, *gulp*, *hikst*, *hiv* (II), *host*, *hulk*, *kakk* (II), *klask*, *klikk* (II), *klirr*, *klynk*, *knepp*, *knirk*, *knis*, *knyst*, *kok* (II), *komp*, *kremt*, *kyss*, *nikk*, *nys*, *pip*, *puff* (III), *raut*, *rykk*, *skubb*, *smell* (II), *smil*, *snakk*, *snufs*, *sprik* (II), *stress*, *sukk*, *surr*, *svupp*, *utsving*

Dei resterande 26 orda høyrer til gruppe 3, det vil seia at dei har ei meir jamn genusfordeling i materialet:

dask, driv, fres (II), *geip* (II), *gjesp, gløtt, hikk, jafs, klapp* (II), *klaps, krasj, låt, prat, puss* (II), *rap* (I), *skimt, skratt, slyng, smekk* (II), *sprett* (II), *stopp* (II), *strek* (I), *støp, sus, suss, vipp* (II)

For ordet *prat* gjeld merknaden om mogleg genusdifferensiering i avsnitt 3.2.1.4. Ingen av dei kortavleidde verbalabstrakta i bokmålsmaterialet viser noko omsving i genusfordeling i den nyaste tida.

3.4.3.2 Nynorsk

Vedlegg 33 gjev eit oversyn over dei kortavleidde verbalabstrakta i nynorskmaterialet. Det er i alt 158 ord, og dei utgjer nesten 20 % av utgangsmaterialet. Dei følgjande 53 orda høyrer til gruppe 1, det vil seia at dei har ingen eller færre enn 10 genusbelegg:

baul, belj, biv, bleik, dent, dus (II), *dust* (III), *fikt* (I), *ffåm, flash, flytt, fløyt* (IV), *gant, gnell, grål* (II), *hag, hark* (I), *hikk, husk* (IV), *klink* (II), *knakk* (II), *knis, nykk* (II), *nys, pes, pikk* (III), *pryl* (II), *purr* (II), *rall, raus, riks* (II), *rikt, rist* (IV), *sangl, skoft, skøy, smatt, snork* (II), *suss* (I), *svupp, tidarkort, tidkort, trykk* (II), *trøyte* (I), *tur* (IV), *tusk* (III), *tvik, tyne, utkik, utkikk, utputt, vagl, åtale*

I gruppe 2 finn vi 29 kortavleidde verbalabstrakt. I brorparten av dei er det maskulinum som er det einerådande eller dominerande genuset. Det er desse 22 orda:

ans, bruk (I), *fres* (II), *fyk* (II), *glid, kik* (II), *kikk* (I), *knubb* (II), *krangel, kvekk* (I), *miks, rapp* (V), *rus* (I), *skratt, snus* (II), *svikt, teft, tillit, tiltale, vald* (I), *vask, vipp* (II)

Når det gjeld ordet *bruk*, viser eg igjen til atterhaldet om mogleg genusdifferensiering i avsnitt 3.2.1.4.

Nøytrum dominerer eller er einerådande i desse 7 orda: *hulk, køyr, laft, nikk, slepp* (II), *stress, treff*.

Dei resterande 76 orda høyrer til gruppe 3 og har ei meir jamn genusfordeling:

avtale, bank (III), *bask* (II), *bisn, bukk* (II), *design, dunder* (II), *dunk* (II), *eige, flin, flir, glefs, glepp* (II), *glim, glimt, glis* (II), *gløtt, gny, gufs, gulp, hugs, hån* (I), *innputt, jafs, klage, klask, knepp, knirk, knyst, komp, krasj, kremt, kyss, last* (II), *lit* (I), *låt* (I), *mukk, nipp* (I), *omtale, prøve, puff* (III), *pust* (II), *påtale, rammel, rap* (II),

rapp (IV), *rast* (III), *rykk*, *samtale*, *skil* (I), *skjelv* (II), *skjemt*, *skubb*, *skvalp*, *sladder*, *slyng*, *smell* (II), *smil*, *sno*, *sprett* (II), *sprik* (II), *sprøyt* (I), *stemne* (II), *stogg*, *stopp* (II), *strek* (I), *sukk* (I), *sus*, *takk* (I), *tale*, *trass*, *trøyte* (II), *ul* (II), *uttale*, *yl*, *ymt*

I fleire av dei kortavleide verbalabstrakta i nynorskmaterialet kan vi observera eit omsving i genusfordeling i siste delen av tidsperioden som belegga stammar ifrå. Det er tilfellet for desse 27 orda:

eige, *flir*, *glis* (II), *gløtt*, *gny*, *gufs*, *hån*, *knyst*, *krasj*, *kremt*, *kyss*, *køyr*, *last* (II), *nikk*, *prøve*, *puff* (III), *pust* (II), *rykk*, *skil* (I), *skjelv* (II), *smell* (II), *smil*, *sukk* (I), *sus*, *treff*, *ul* (II), *ymt*

Genusprofilane i vedlegg 34 syner korleis genusfordelinga ved desse orda har utvikla seg over tid. Desse orda representerer grovt sett fem ulike typar omsving i genusfordeling.

Ville observasjonar:

Den fyrste typen er som nemnt tidlegare ikkje eit døme på omsving, men det at tal på genusbelegg for det eine genuset vik sterkt av i eitt eller fleire år, noko som fører til at den samla genusfordelinga ikkje er like karakteristisk for heile materialet. Slike ville observasjonar finn vi ved orda *last* (II) og *skil* (I) i nynorskmaterialet.

Frå genusdominans til meir jamn genusfordeling:

I 6 tilfelle kan vi observera at det eine genuset tidlegare i den undersøkte tidsperioden var dominerande eller einerådande, men at genusfordelinga seinare utvikla seg til å verta meir jamn. Ei slik utvikling har skjedd ved orda *eige* (ifrå dominerande f. til f./n.) og *prøve* (ifrå dominerande f. til f./m.), og ved orda *gløtt*, *gufs*, *krasj* og *sus* (alle ifrå dominerande m. til m./n.).

Skifte i genusdominans:

Den tredje typen genusomsving er eit skifte i genusdominans. Her startar det eine genuset som dominerande eller einerådande i ein fyrste fase av den undersøkte tidsperioden, men så tek eit anna genus over denne posisjonen. Eit slikt skifte i styrketilhøvet kan vi observera ifrå dominerande m. til dominerande n. ved følgjande 9 ord: *flir*, *glis* (II), *knyst*, *kremt*, *kyss*, *rykk*, *smil*, *sukk* (I), *ymt*. Ved orda *flir*, *kyss* og *sukk* (I) går omlegginga via ein nokså lang periode med jamn genusfordeling.

Frå jamn genusfordeling til genusdominans:

I den fjerde typen genusomsving byrjar utviklinga med ei jamn genusfordeling og endar med at det eine genuset har svinga seg opp til å vera det dominerande genuset. Ei slik fokusering av

genuspreferanse har skjedd ifrå m./n. til n. ved desse 7 orda: *gny*, *køyr*, *nikk*, *puff* (III), *skjelv* (II), *treff*, *ul* (II).

Frå jamn til mindre jamn genusfordeling:

Utviklinga av genusfordelinga ved dei to orda *pust* (II) og *smell* (II) liknar på den vi såg i første gruppa. Også her er genusfordelinga mellom m. og n. nokså jamn i starten av tidsperioden (ved ordet *smell* (II) har m. rett nok eit overtak på n.), men så styrkjer n. seg, og genusfordelinga vert mindre jamn.

Genusprofilen til ordet *hån* er teken med i vedlegget av di ordet har ein nokså brokete utvikling av genusfordeling der vi finn belegg på alle tre genusa fordelt på nesten heile tidsperioden.

Ser vi bort ifrå *eige* og *prøve*, så kan vi slå fast at i alle dei omtalte døma på at det har skjedd ei utvikling mot eit (nytt) dominerande eller einerådande genus eller mot ei mindre dominerande genusfordeling, så har dette gått i favør av nøytrum. Denne utviklinga står altså opp om det eg tidlegare har hevda, nemleg at nøytrum er det føretrekte genuset for kortavleide verbalabstrakt i notidsnorsk.

I nokre ord har genusomsvinget i favør av nøytrum vore særst tydeleg. I følgjande ord utgjer nøytrum minst 90 % av genusbelegga i andre halvta av tidsperioden med genusbelegg på det aktuelle ordet: *glis* (II), *køyr*, *nikk*, *skjelv* (II), *treff*, *ul* (II). Vedlegg 35 gjev eit oversyn over genusfordelinga ved desse orda i siste halvta av tidsperioden som gjeld for det enkelte ordet. Tidsperioden med genusbelegg varierer altså ifrå ord til ord. For ordet *glis* (II) til dømes spenner tidsperioden med genusbelegg ifrå 1923 til 2013 slik at andre halvta byrjar i 1968, medan for ordet *køyr* varer beleggperioden ifrå 1883 til 2011, og andre halvta startar i 1947.

3.4.4 Nemningar for norske treslag

Bakgrunnen for at eg har valt å inkludera eit utval av nemningar for norske treslag i denne undersøkinga er ein artikkel ifrå 2006 der Magnhild Vollan tek føre seg desse orda og stiller saman munnleg genusbruk med genuset som det går fram av ordbøkene oppigjennom norsk normeringshistorie (Vollan 2006). Det er desse orda som inngår i studien til Vollan:

alm, *ask*, *asp* (berre i bokmål), *barlind*, *bjerk* (berre i bokmål), *bjørk*, *bok* (II), *bøk*, *eik*, *eine* (berre i nynorsk), *einer*, *fure* (berre i nynorsk), *furu*, *gran*, *hassel*, *hegg*, *hyll*, *kristtorn*, *lerk* (i nynorsk *lerk* (I)) *lind*, *løn* (II; berre i nynorsk), *lønn* (II), *older*, *or* (i nynorsk *or* (I)), *osp*, *raun*, *rogn* (II), *selje*

Vollan har intervjuet 35 voksne informantar ifrå i alt 16 fylke for å finna ut kva genus dei bruker ved desse orda i talemålet sitt. Jamført med normert genus summerer ho opp funna sine slik (Vollan 2006, 162):

Vi ser for det første at forholdet mellom muntlig språkbruk og gjeldende rettskriving i bokmål og nynorsk er uproblematisk ved *bjørk, eik, einer, furu, gran, osp, selje*. For det andre ser vi at der er talemålsgrunnlag blant informantene for både femininum og maskulinum ved de orda som har valgfritt genus i begge målformer: *lønn, older/or, rogn*. Videre ser vi at for mange informanter med ulik talemålsbakgrunn er *alm, ask, bøk, hassel, lerk* femininer i muntlig språkbruk, mens de bare er normert som maskuliner i skrift.

I oversynet i vedlegg 36 har eg stilt saman Vollan sine tal på munnleg genusbruk med tal ifrå bokmåls- og nynorskmaterialet ifrå denne undersøkinga. Grøn bakgrunn indikerer at tala ifrå denne undersøkinga er i tråd med konklusjonane til Vollan. For det fyrste stør tala ifrå bokmåls- og nynorskmaterialet fullt opp om den fyrste konklusjonen til Vollan om at gjeldande genusnormering er uproblematisk ved orda *bjørk, eik, einer, furu, gran, osp* og *selje*. Likeins stør genusbruken i skrift opp om den andre konklusjonen til Vollan, nemleg at der er talemålsgrunnlag blant informantane for både femininum og maskulinum ved dei orda som har valfritt genus i begge målformer: *lønn, older/or, rogn*. Også den tredje konklusjonen til Vollan får langt på veg støtte ifrå det skriftspråklege materialet i denne undersøkinga. Litt i underkant av halvta av genusbelegga er femininum i dei hankjønnsnormerte orda *alm, ask* og *lerk*. Ordet *bøk* har berre få belegg på femininum i bokmåls- og nynorskmaterialet, og ordet *hassel* har få genusbelegg i det heile teke.

Tal med oransje bakgrunn indikerer at det er skilnad mellom genusfordelinga i talemålsmaterialet til Vollan og skriftspråksmaterialet i denne undersøkinga. Medan Vollan i talemålsmaterialet sitt observerer bruk av femininum i tillegg til maskulinum ved orda *eine, hegg* og *hyll*, er desse orda einast brukte som maskulinum i bokmåls- og nynorskmaterialet.

4 Tilrådingar

4.1 Generelle råd

Basert på hovudfunna i denne undersøkinga skal eg i dette kapittelet skissera nokre tilrådingar for det vidare genusnormeringsarbeidet til Språkrådet. Fyrst skal eg gjera merksam på nokre generelle omsyn og atterhald ein bør taka når ein nyttar denne rapporten som grunnlag for genusnormeringsarbeid, og så skal eg gjeva konkrete råd om endringar i genusnormeringa. Til slutt kjem nokre framlegg om det vidare arbeidet med å skaffa fram empirisk grunnlag for genusnormering i norsk skriftspråk.

I analysen av det føreliggjande materialet har eg operert med ei gruppe ord som er utan eller med færre enn 10 eintydige genusbelegg. Det er etter mitt syn ikkje forsvarleg å nytta resultata ifrå denne undersøkinga for ord med færre enn 10 genusbelegg. Men kanskje er jamvel denne grensa på 10 genusbelegg sett for lågt, og ein bør vurderer å vera meir restriktiv i høve til kva delar av rapporten ein vil nytta som grunnlag for normeringsarbeid.

Eit anna omsyn ein bør taka, er kor gamal den eksisterande genusnormeringa er. Dersom det eine genuset i fleirgenusord nyleg er vorte inkludert i norma, så bør ein vera varsam med å fjerna det att, med mindre talgrunnlaget i denne rapporten heilt klårt peikar mot ei slik avgjerd. Det tek gjerne litt tid før ein ny valfridom får etablert seg. Unntak ifrå dette atterhaldet er tilfelle der innføringa av det nye genuset ikkje kan seiast å ha vore forankra i faktisk bruk (jamfør nøytrum ved ordet *villskap* i nynorsk).

For det tredje bør ein ikkje stramma inn på genusnormeringa i tilfelle der genus har differensierande funksjon. I det føreliggjande materialet gjeld det så vidt eg kan sjå orda *bruk*, *kjede* og *prat* i bokmål, og ordet *bruk* i nynorsk.

Med desse generelle atterhalda tilrår eg for ord med valfritt genus å fjerna eitt eller fleire genus ifrå norma dersom eitt genus er klårt dominerande i materialet, også i nyare tid. Det er eit skjønsspørsmål kvar ein set grensa for kva som er dominerande, men eg vel her å nytta 90 % som terskel for når ein bør vurderer å fjerna eit eller fleire genus ifrå normeringa til eit ord. Genuset eller genusa som eg tilrår å fjerna ifrå norma, utgjer altså 10 % eller mindre av genusbelegga.

For ord med genusomsving tilrår eg å fjerna eitt eller fleire genus ifrå normeringa dersom det eine genuset utgjer minst 90 % av genusbelegga i den andre halvta av tidsperioden med genusbelegg på det aktuelle ordet. I dei andre tilfella av ord med genusomsving bør ein konsultera genusprofilane i vedlegga som grunnlag for normeringsavgjerder.

For ord som er normerte med einegenus, tilrår eg å leggja til eit genus i norma dersom det utgjer minst 25 % av genusbelegga.

Basert på talmaterialet som er presentert i denne rapporten, skal eg nedanfor gjeva konkrete råd om innstramming og utviding av genusnormeringa i norsk skriftspråk. Framlegga må i kvart einskilt tilfelle vurderast opp mot dei generelle råda og kriteria som er greidde ut om i dette avsnittet. Det kan vera aktuelt å stramma inn på eller vida ut genusnormeringa til andre ord enn dei som er nemnde nedanfor. I så fall bør ein taka til hjelp talgrunnlaget som er presentert og kommentert i analysekapittelet og i vedlegga til denne rapporten.

4.2 Innstramming av genusnormeringa

4.2.1 Fjerning av femininum ifrå norma

Basert på 90 %-kriteriet bør ein vurderer å fjerna femininum ifrå genusnormeringa til følgjande ord i bokmål:

Normert genus: f./m.:

andakt, anretning, ape, art, besetning, binding (I), bluse, bygning, byste, demning, doning, drosje, egg (I), festning, forlegning, frysning, hank, hå (I), igle, kjørsel, klage, klasse, kledning, kongle, krabbe, krise, krokodille, -krone, krysning, kuvøse, ladning, lanse, larve (I), last (I), last (II), latrine, ledning, legning, lind, linning, lit (I), lysning (I), løsning (I), maske (II), munning, måke (I), nytte, olje, pakning, passing (II), persille, pest, pingle, pinse, plante, prøve, påske, rydning, salve (I), salve (II), sno, sott, spile, strekning, svill, takk (I), takt (I), tekst, tillit, trefning

Basert på 90 %-kriteriet bør ein vurderer å fjerna femininum ifrå genusnormeringa til følgjande ord i nynorsk:

Normert genus: f./m.:

beskjed, bygning, dialekt, doning, farge, hall (I), horngjel, hov (I), hów (I), kagge, kontekst, lyske, ode, patte, pest, saga, sosiolekt, svikt, teft, tillit, tiltale, trast, trost

4.2.2 Fjerning av femininum og maskulinum ifrå norma

Basert på 90 %-kriteriet bør ein vurderer å fjerna femininum og maskulinum ifrå genusnormeringa til følgjande ord i bokmål:

Normert genus: f./m./n.:

dun, fyll (II), oppkomme, råd (II), skjell (I), sokn (II), tjern, vis, åte

4.2.3 Fjerning av femininum og nøytrum ifrå norma

Basert på 90 %-kriteriet bør ein vurderer å fjerna femininum og nøytrum ifrå genusnormeringa til følgjande ord i bokmål:

Normert genus: f./m./n.: *nyre*

4.2.4 Fjerning av maskulinum ifrå norma

Basert på 90 %-kriteriet bør ein vurderer å fjerna maskulinum ifrå genusnormeringa til følgjande ord i bokmål:

Normert genus: m./n.:

adelskap (I), aspekt, blunk, bor (I), broderskap, comeback, crescendo, dirr, dunk (II), ekorn, fjøs, flir, gen, gissel, glefs, glimt, glis, gufs, gulp, hikst, hiv (II), host, hulk, ikon, kakk (II), kaliber, kandidatur, klask, klaviatur, klikk (II), klimaks, klirr, klynk, knepp, knirk, knis, knyst, kok (II), kolesterol, komp, kompass, korpus (II), kremt, kryp, kyss, litografi, nebb, nikk, nipp (I), nurk, nys, pip, potpurri, puff (III), raut, rykk, skubb, slektskap, smell (II), smil, snakk, snufs, sprik (II), stakitt, stress, sukk, surr, svupp, trofe, trofé, utsving

Basert på 90 %-kriteriet bør ein vurderer å fjerna maskulinum ifrå genusnormeringa til følgjande ord i nynorsk:

Normert genus: f./m.:

avskjering (I), blødme, esing (II), fælske, georgine, gåre, hâlke, kantine, klamme, krise, latrine, lov (I), maske (II), pingle, potet, pyse, sinke (I), spile, strekning, ufs (I)

Normert genus: m./n.:

alter ego, aspekt, borgarskap, comeback, crescendo, ess (III), fosfor, fyr (III), holt (I), hulk, kandidatur, klaviatur, klimaks, kolesterol, kompass, køyr, moderskap, nikk, raster, slepp (II), stress, substitutt, svangerskap, treff, triangel, trofe

Basert på 90 %-kriteriet for ord med genusomsving bør ein vurderer å fjerna maskulinum ifrå genusnormeringa til følgjande ord i nynorsk:

Normert genus: m./n.: *glis (II), køyr, nikk, skjelv (II), treff, ul (II)*

4.2.5 Fjerning av nøytrum ifrå norma

Basert på 90 %-kriteriet bør ein vurderer å fjerna nøytrum ifrå genusnormeringa til følgjande ord i bokmål:

Normert genus: m./n.:

beredskap, canvas, cv, CV, dass, data, do (II), drøss, dukk, faksimile, fløyel, fyk (I), fysiognomi, gelatin, glid, glipp (II), grus, grut, hang, kali, kikk (I), knekk (I), kok (III), lyng, lås, marmor, miks, mugg (III), mugg (IV), møll, nomenklatur, piff (I), rapp (IV), rus, servitutt, sprøyt (I), stim (II), tang (II), terpentin, transparent (II), trass, valium, vinyl, voks

Basert på 90 %-kriteriet bør ein vurderer å fjerna nøytrum ifrå genusnormeringa til følgjande ord i nynorsk:

Normert genus: m./n.:

ans, bak (I), bodskap, børnskap, CV, dass, dyffel, endskap, faksimile, fenol, fiendskap, filt, fløyel, frendskap, fres (II), fritenkjarskap, fyk (II), førarskap, gelatin, glid, grut, heimel (II), kik (II), kikk (I), knubb (II), krangel, krystall, kvekk (I), lås, miks, morfin, nikotin, rapp (V), rus (I), sedskap, servitutt, skaldskap, skratt, snus (II), statutt, tekstil, tjodskap, transparent (II), vald (I), vask, villskap, vipp (II)

4.3 Utviding av genusnormeringa

Vedlegg 37 (bokmåls materialet) og vedlegg 38 (nynorskmaterialet) syner genusfordelinga ved ord med normert einegenus der eit anna genus står for minst 25 % av genusbelegga. Basert på desse tala tilrår eg å vida ut genusnorma som framstilt nedanfor.

4.3.1 Tillegg av femininum i norma

Basert på 25 %-kriteriet bør ein vurderer å leggja til femininum i genusnormeringa til følgjande ord i bokmål:

Normert genus: m.: låt

Normert genus: n.: gørr

Basert på 25 %-kriteriet bør ein vurderer å leggja til femininum i genusnormeringa til følgjande ord i nynorsk:

Normert genus: m.: alm, ask (I), kaserne, krampe (I), lerk (I)

Normert genus: n: trøyte (II)

4.3.2 Tillegg av maskulinum i norma

Basert på 25 %-kriteriet bør ein vurderer å leggja til maskulinum i genusnormeringa til følgjande ord i bokmål:

Normert genus: n.: tapet, kjevle

Basert på 25 %-kriteriet bør ein vurderer å leggja til maskulinum i genusnormeringa til følgjande ord i nynorsk:

Normert genus: f.: trane

Normert genus: n.: kondom, stadion

4.3.3 Tillegg av nøytrum i norma

Basert på 25 %-kriteriet bør ein vurderer å leggja til nøytrum i genusnormeringa til følgjande ord i bokmål:

Normert genus: m.: case

Basert på 25 %-kriteriet bør ein vurderer å leggja til nøytrum i genusnormeringa til følgjande ord i nynorsk:

Normert genus: m.: case

4.4 Endringar i genusnormering etter fyrste versjonen av denne rapporten

Etter at den fyrste versjonen av denne rapporten (Conzett 2017) vart publisert i 2017, har Språkrådet gjennomført fleire endringar i genusnormeringa av substantiv i både bokmål og nynorsk. Desse endringane er samanstilte i oversynet i vedlegg 39 basert på dokumentasjonen på nettsidene til Språkrådet per 14.3.2020 (Språkrådet u.å.). Substantiva i oversynet er grupperte etter normert genus før endringsvedtaket, og deretter sorterte i alfabetisk rekkjefølgje. I tabell 3 nedanfor har eg summert opp tal på endringar i genusnormering.

Endringane er her grupperte etter endringstype, det vil seia innstramming av genusnorma, utviding av genusnorma og skifte av normert genus. I alt er det gjennomført 145 genusnormeringsendringar i bokmål og nynorsk sidan 2017. I 99 tilfelle er norma stramma inn ifrå valfritt maskulinum og nøytrum til einast maskulinum. 26 ord som før var normerte som maskulinum og nøytrum, har no berre nøytrum som einegenus. 3 hankjønnsord har fått nøytrum som valfritt genus i tillegg, og 5 nøytrumsord har fått maskulinum som valfritt genus i tillegg.

Eitt ord har bytt normert genus ifrå maskulinum til nøytrum, og 11 ord har bytt normert genus ifrå nøytrum til maskulinum.

Tabell 3: Endringar i genusnormering 2017-2020

Endringstype	Normert genus		Bokmål	Nynorsk	Totalt
	Før	Etter			
Innstramming	m./n.	m.	50	49	99
		n.	20	6	26
Utviding	m.	m./n.		3	3
	n.		2	3	5
Anna genus	m.	n.		1	1
	n.	m.	7	4	11
Totalt			79	66	145

(Før = før vedtaket; Etter = etter vedtaket)

4.5 Vidare arbeid

Som eg nemnde innleiingsvis, gjorde ramma for oppdraget det naudsynt å avgrensa materialet som ligg til grunn for denne rapporten. For å skaffa seg eit empirisk basert grunnlag for genusnormering i norsk skriftspråk bør ein vurdere å vida ut den føreliggjande undersøkinga på fleire område. For det fyrste bør ein inkludera tekstmateriale som er mindre normstyrt. Det kan til dømes vera bloggtekstar, nettsidetekstar og anna tekstmateriale som er skrive til bruk på internett. Ei mogleg kjelde for slike tekstar er Norwegian Web as Corpus («NoWaC v 1.0 - Institutt for lingvistiske og nordiske studium» u.å.). For det andre bør ein vida ut utgangsmaterialet med fleire substantiv som berre har eitt normert genus.

Referanseliste

- «Bibliografi over litteratur om genusvariasjon i norsk skriftspråk». u.å. Vitja 10. januar 2017. <https://www.zotero.org/groups/genusvariasjon>.
- Conzett, Philipp. 2004. «Frå einskap til ulikskap? Ei gransking av genustilhøvet ved avleiingar på -skap i skandinavisk». *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* 22 (2): 169–93.
- . 2016a. «Ordlaging». I *Mønster. Norsk språkhistorie I*, redigert av Helge Sandøy, 271–315. Oslo: Novus forlag.
- . 2016b. «Bruken av substantiv med fleire kjønn i norsk skriftspråk». I *Føredrag*. Oslo. <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/sprakdagen-2016/id2520179/>.
- . 2017. «Genusvariasjon i norsk skriftspråk. Ei undersøking av genusbruken ved substantiv som er normerte som maskulinum og nøytrum». *Septentrio Reports* 2017 (1): 1–91. <https://doi.org/10.7557/7.4077>.
- . 2020. «Genusvariasjon i norsk skriftspråk». Dataset. DataverseNO. <https://doi.org/10.18710/MTEQYP>, V2.
- Den Departementale rettskrivningskomite. 1918. *Den Nye rettskrivning: reglar og ordlistor : II: Landsmål*. Bd. II. Kristiania. http://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digibok_2016063008124.
- Enger, Hans-Olav, og Kristian Emil Kristoffersen. 2000. *Innføring i norsk grammatikk: morfologi og syntaks*. Landslaget for norskundervisning. Oslo: Landslaget for norskundervisning og Cappelen akademisk forlag. http://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digibok_2009070800072.
- Hovdenak, Marit, Killingbergtrø, Laurits, Lauvhjell, Arne, Nordlie, Sigurd, Rommetveit, Magne, og Worren, Dagfinn, red. 2006. *Nynorskordboka: definisjons- og rettskrivningsordbok*. 4. utg. Samlaget kunnskap. Oslo: Samlaget. <http://ordbok.uib.no/perl/ordbok.cgi?OPP=&nynorsk=+&ordbok=nynorsk>.
- Hægstad, Marius. 1899. *Framlegg til skrivereglar for landsmaale i skularne: fyrelagt det Kongelige Departement for Kirke- og Undervisningsvæsenet*. Kristiania: Brøgger. http://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digibok_2009043010008.
- . 1905. *Norsk maallæra eller grammatik i landsmaalet*. 5. utg. Bergen: Nygaard. http://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digibok_2009020200135.
- Lain Knudsen, Rune, og Ruth Vatvedt Fjeld. 2013. «LBK2013: A balanced; annotated national corpus for Norwegian Bokmål». I , 12–20. Linköping: Linköping University Electronic Press; Linköpings universitet.
- Landrø, Marit Ingebjørg, og Wangensteen, Boye, red. 2005. *Bokmålsordboka: definisjons- og rettskrivningsordbok*. 3. utg., 2. rev. oppl. Oslo: Kunnskapsforl. <http://ordbok.uib.no/perl/ordbok.cgi?OPP=&bokmaal=+&ordbok=bokmaal>.
